



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 95 L

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i opplæringslova og
privatskolelova (leksehjelp m.m.)

Innhold

1	Innleiing	5	6	Forslag om å endre opplæringslova § 9-4 om lærebøker og andre læremiddel (språknorm)	27
1.1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	6.1	Bakgrunnen for lovforslaget	27
1.2	Høringane	5	6.2	Gjeldande rett	27
2	Forslag om å lovfeste plikt til å tilby leksehjelp til elevar på 1.–4. årstrinn	8	6.3	Høringa	28
2.1	Bakgrunnen for lovforslaget	8	6.3.1	Høringsforslaget frå departementet	28
2.2	Gjeldande rett	8	6.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	28
2.3	Høringa	8	6.4	Vurderingar og forslag frå departementet	29
2.3.1	Høringsforslaget frå departementet	8	7	Forslag om å endre føresegna om utlysing av stilling ved tilsetjing av deltidstilsett med fortrinnsrett	31
2.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	8	7.1	Bakgrunnen for lovforslaget	31
2.4	Vurderingar og forslag frå departementet	11	7.2	Gjeldande rett	31
3	Forslag om endring i føresegnene om bortvising av elevar	14	7.3	Høringa	31
3.1	Bakgrunnen for lovforslaget	14	7.3.1	Høringsforslaget frå departementet	31
3.2	Gjeldande rett	14	7.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	32
3.3	Høringa	14	7.4	Vurderingar og forslag frå departementet	32
3.3.1	Høringsforslaget frå departementet	14	8	Forslag om å endre nemninga kompetanse på lågare nivå til grunnkompetanse	33
3.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	15	8.1	Bakgrunnen for lovforslaget	33
3.4	Vurderingar og forslag frå departementet	18	8.2	Gjeldande rett	33
4	Forslag om å lovfeste rett til skyss for funksjonshemma til og frå skolefritidsordning	20	8.3	Høringa	28
4.1	Bakgrunn for lovforslaget	20	8.3.1	Høringsforslaget frå departementet	33
4.2	Gjeldande rett	20	8.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	33
4.3	Forslaget i høringsnotatet	20	8.4	Vurderingar og forslag frå departementet	35
4.4	Synspunkt frå høringsinstansane	21	9	Forslag om å innføre krav om politiattest ved musikk- og kulturskolar	36
4.5	Vurderingar og forslag frå departementet	23	9.1	Bakgrunnen for lovforslaget	36
5	Forslag i privatskolelova om å lovfeste plikt for private skolar til foreldresamarbeid	25	9.2	Gjeldande rett	36
5.1	Bakgrunnen for lovforslaget	25	9.3	Høringa	36
5.2	Gjeldande rett	25	9.3.1	Høringsforslaget frå departementet	36
5.3	Høringa	25	9.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	37
5.3.1	Høringsforslaget frå departementet	25	9.4	Vurderingar og forslag frå departementet	38
5.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	25			
5.4	Vurderingar og forslag frå departementet	26			

10	Forslag om endringer i opplæringslova § 13-7 (tekniske endringer)	40	11.6	Utlysing av deltidsstillinger	42
11	Økonomiske og administrative konsekvensar av høringsforslaget	41	11.7	Endring av nemninga kompetanse på lågare nivå til grunnkompetanse	42
11.1	Plikt til å tilby leksehjelp til elevar på 1.-4. årstrinn	41	11.8	Krav om politiattest ved tilsetjing i musikk- og kulturskolar	42
11.2	Bortvising	41	11.9	Tekniske endringer i opplæringslova §§ 2-12 og 13-7 sjette ledd	42
11.3	Skyss for funksjonshemma til og frå skolefritidsordning	41	12	Merknader til lovforslaget	43
11.4	Plikt for private skolar til foreldresamarbeid, i privatskolelova	41	12.1	Endringer i opplæringslova	43
11.5	Endringer i opplæringslova § 9-4 som gjeld lærebøker og andre læremiddel (språknorm)	41	12.2	Endringer i privatskolelova	45
			12.3	Iverksetjing	45
			Forslag til lov om endringer i opplæringslova og privatskolelova (leksehjelp m.m.)		46



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 95 L

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i opplæringslova og privatskolelova (leksehjelp m.m.)

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 26. mars 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Denne proposisjonen inneheld forslag til endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og i lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova).

Det blir foreslått følgjande endringar:

- I opplæringslova og privatskolelova: Lovfeste plikt for skoleeigarane til å tilby elevar på 1.–4. årstrinn leksehjelp
- I opplæringslova og privatskolelova: Endre føresegnene om bortvising av elevar
- I opplæringslova og for privatskolar: Lovfeste rett til skyss for funksjonshemma til og frå skolefritidsordninga
- I privatskolelova: Lovfeste plikt for private skolar til foreldresamarbeid
- I opplæringslova: Endre § 9-4 om lærebøker og andre læremiddel (språknorm)
- I opplæringslova: Endre føresegnene om utlysing av stilling ved tilsetjing av deltidstilsette med fortrinnsrett
- I opplæringslova: Endre nemninga *kompetanse på lågare nivå* til *grunnkompetanse*

- I opplæringslova: Innføre krav om politiattest ved tilsetjing i musikk- og kulturskolar
- I opplæringslova § 13-7: Endre sjetle ledd (tekniske endringar)

Bakgrunnen for forslaga blir nærmare utdjupa i omtalen av kvart enkelt av dei i proposisjonen.

Departementet tek sikte på at lovendringane skal tre i kraft 1. august 2010.

Når det gjeld forslaget om rett til skyss for funksjonshemma til og frå skolefritidsordning, tek departementet sikte på at dette skal tre i kraft seinast 1. januar 2011.

1.2 Høringane

Høringsbrev vedlagt høringsnotat med forslaget om å endre føresegnene i opplæringslova og privatskolelova om bortvising vart sendt til høring 5. juni 2009 med frist for fråsegn 6. oktober 2009. Det kom inn 95 høringsfråsegner.

Høringsbrev vedlagt høringsnotat med forslaget i privatskolelova om å lovfeite plikt til foreldresamarbeid for private skolar, endre omgrepet *kom-*

petanse på lågare nivå til grunnkompetanse i opplæringslova, lovfastet unntak frå plikta til utlysing av stillingar for deltidstilsette med fortrinnsrett i opplæringslova, og å oppdatere opplæringslova § 9-4 om lærebøker og andre læremiddel, vart sendt til høring 11. september 2009 med frist for fråsegn 11. desember 2009. Det kom inn 54 høringsfråsegner.

Høringsbrev vedlagt høringsnotat med forslaget om å endre føresegnene i opplæringslova og privatskolelova ved å innføre plikt for skoleeigarane til å tilby elevar på 1.–4. årstrinn leksehjelp, innføre rett til skyss for funksjonshemma til og frå skolefritidsordninga, innføre krav om politiattest ved tilsetjing i musikk- og kulturskolar og å endre opplæringslova § 13-7 sjette ledd (tekniske endringar), vart sendt til høring 2. november 2009 med frist for fråsegn 31. desember 2009. Det kom inn 127 høringsfråsegner.

Synspunkta frå høringsinstansane til dei enkelte forslaga er nærmare oppsummerte under omtalen av kvart forslag.

Høringsnotata vart sende til desse instansane:

Departementa
Fylkeskommunane
Fylkesmennene
Kommunane

Akademikarane
Aktive foreldre
Arbeidsgivarforeininga NAVO
Barneombodet
CULCOM v/UiO (Kulturell kompleksitet i det nye Noreg)
Datatilsynet
Det utdanningsvitenskaplege fakultet, UiO
Dysleksiforbundet
Elevorganisasjonen
FAFO
Faglege råd v/Utdanningsdirektoratet
Fellesorganisasjonen for barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)
Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (Unio)
Innvandernes Landsorganisasjon (INLO)
Institutt for samfunnsforskning (ISF)
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet
Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkninga og myndighetene (KIM)

Kristne friskolers forbund (KFF)
KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgivarorganisasjon)
Landslaget Fysisk Fostring i Skolen
Landslaget for udelt og fådelt skole (LUFS)
Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar
Landsorganisasjonen i Noreg (LO)
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Longyearbyen lokalstyre
Lærernes Yrkesforbund
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)
Nasjonalt Senter for fleirkulturell opplæring (NAFO)
Nettverket av samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt
NIFU STEP
Noregs Forskingsråd
Noregs Handicapforbund
Norske fag- og friskolers forbund
Norsk Forbund for Utviklingshemma (NFU)
Norsk foreldrelag for funksjonshemma
Norsk Forbund for fjernundervisning
Norsk innvandrarforum
Norsk Kulturskoleråd
Norsk Lektorlag
Norsk Montessoriforbund
Norsk senter for fleirkulturell verdiskaping
Norsk Skoleleiarforbund
Norsk Studentunion
NOVA
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Opplysningstenesta for heimeundervisning
Private Barnehagers Landsforbund (PBL)
Private grunnskolar
Private skolar med rett til statstilskot
Privatskoleorganisasjonane
Riksarkivet
Riksrevisjonen
Samarbeidsforum for Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (SAFO)
Sametinget
Samnemnda for NF og NKF
Samordna opptak
SEFIA, Høgskolen i Oslo
Senter for interkulturell kommunikasjon
Senter mot etnisk diskriminering
Sivilombodsmannen
Skolenes landsforbund
Språkrådet
SRY v/Utdanningsdirektoratet
Statens lånekasse for utdanning
Statens råd for funksjonshemma
Statistisk sentralbyrå (SSB)

Statlege grunnskolar og vidaregåande skolar
Steinerskolane i Noreg
Studentenes Landsforbund
Sysselmannen på Svalbard
Utdanningsdirektoratet
Utdanningsforbundet
Utdanningsgruppenes hovudorganisasjon

Utlendingsdirektoratet (UDI)
Universitet/Høgskolar
Universitets- og høgskolerådet
VOX – Vaksenopplæringsinstituttet
Vaksenopplæringsforbundet (VOFO)
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

2 Forslag om å lovfeste plikt til å tilby leksehjelp til elevar på 1.–4. årstrinn

2.1 Bakgrunnen for lovforslaget

St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* understrekar kor viktig det er å styrkje opplæringa i fag, leksehjelp og dagleg fysisk aktivitet. Viktige målsetjingar i skolen er auka læring, trivsel og meistring for alle elevar, samt at skolen kan medverke til å utjamne sosiale forskjellar. Skolens rolle som reiskap for sosial utjamning må styrkjast. Det er forskjellar i kor mykje oppfølging av lekser elevane får heime. Alle elevar bør derfor få tilbod om leksehjelp, slik at også dei elevane som ikkje får så mykje støtte heimanfrå, kan ha betre nytte av det arbeidet dei gjer utanom skoletimane.

På denne bakgrunn er det løyvt midlar til leksehjelp i Prp. 1 S (2009–2010). Løyvinga gjeld til saman åtte timar gratis leksehjelp etter obligatorisk skoletid per veke for 1.–4. årstrinn, dvs. i gjennomsnitt to timar per veke for kvart av desse trinna. Dette er eit målretta tiltak for elevar og foreldre som ønskjer støtte i læringa, og er også i samsvar med strategien om tidleg innsats for betre læring.

2.2 Gjeldande rett

Det finst ingen føresegnar i opplæringslova om tilbod om leksehjelp for elevar som ønskjer det. Privatskolelova har heller ikkje slike føresegnar. Det finst heller ikkje eksplisitte føresegnar som regulerer lekser. Skolen kan likevel gi lekser som ein del av undervisningsopplegget. Dette følgjer av opplæringslovas system kombinert med sedvanerett.

I opplæringslova kap. 13 finst det i dag to føresegnar som regulerer fritidsaktivitetar og som ikkje er ein del av grunnskoleopplæringa eller den vida-regåande opplæringa. Det er § 13-6 om musikk- og kulturskoletilbod og § 13-7 om skolefritidsordninga. I tillegg kjem § 2-3 tredje ledd, som på grunnskolenivå gir forskriftsheimel for «aktivitetar som ikkje er fag», og som er grunnlag for å fastsetje forskrifter om fysisk aktivitet. Dette siste er aktivitetar som er ein del av grunnskoleopplæringa og såleis ein del av den pliktige opplæringa, men som ikkje er fag.

2.3 Høringa

2.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Departementet foreslo at det i opplæringslova § 13-7a vart teke inn ei føresegn om at kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp etter skoletid for elevar på 1.–4. årstrinn. Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta, men deltaking skal vere frivillig. Ei tilsvarande føresegn vart foreslått innteken i privatskolelova § 7-1e. For private grunnskolar godkjende etter opplæringslova § 2-12 vart det foreslått at føresegn i opplæringslova skal gjelde tilsvarande.

Det vart foreslått at tilbodet administrativt blir lagt under rektor i offentlege grunnskolar, i private skolar under leiging av styret.

Departementet foreslo vidare at reglane i § 10-9 første, andre og fjerde ledd om politiattest skal gjelde tilsvarande for dei som skal gi leksehjelp.

Ein forskriftsheimel opnar for at departementet kan gi utfyllande føresegnar. I forslaget varsla departementet utfyllande forskrifter om omfang av leksehjelpa, og at det ville bli vurdert nærmare regulering av leksehjelptilbodet, irekna eventuelle krav til kvalifikasjonar hos den som gir leksehjelpa.

2.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

15 av 106 instansar som har gitt høringsfråsegn har ikkje kommentarar til forslaget. Éin høringsinstans, *Trondheim kommune*, støttar forslaget utan nærmarer grunngeving.

Dei andre 90 høringsinstansane stiller seg i det vesentlege positive til leksehjelp, men dei fleste tek klare atterhald og fremjar føresetnader for å støtte forslaget. Desse kan både seiast å støtte forslaget med atterhald, og seiast å vere imot forslaget slik det er utforma frå departementet si side. Nokre av dei 90 fråsegnene er fellesfråsegner, dvs. at fleire har slått seg saman om ei felles fråsegn. Det betyr at det reelt sett er noko meir enn 90 høringsinstansar i denne gruppa. Høringsinstansane er Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Barneombodet, Likestillings- og diskrimineringsombodet, sju fylkes-

mannsembete, seks fylkeskommunar, 53 kommunar, Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG), KS, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Norsk skoleleiarforbund, Skolenes landsforbund, Norsk Lektorlag, LO, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO), Norges handikapforbund, Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH), Kristne Friskolers forbund (KFF), Musikernes fellesorganisasjon (MFO), Statens råd for likestilling av funksjonshemma, Skatval skole v/FAU, Skolefaglege rådgivarar i Aust-Agder, Oslo katolske bispedømme, Norsk Montessoriforbund og Hedmark Trafikk FKF.

Dei aller fleste av desse høringsinstansane meiner at det må knytast skyssordning til forslaget, dvs. at det må liggje føre rett til skyss for elevane etter at dei har delteke i leksehjelptilbodet. Skyssen må vere finansiert av staten, fordi stram kommuneøkonomi ikkje har rom for dette. Mange peiker på at dersom det ikkje blir knytt rett til skyss til tilbodet om leksehjelp, vil leksehjelp ikkje bli eit reelt tilbod for alle, berre for eit fåtal. Det vil først og fremst komme dei til gode som bur i velstående kommunar, har gangavstand til skolen eller har foreldre som er i stand til å hente barna etter avslutta leksehjelp. Dermed vil tilbodet om leksehjelp ikkje ha sosialt utjamnande effekt, men medverke til det motsette. Somme høringsinstansar meiner at ein ikkje må samanlikne tilbodet om leksehjelp med skolefritidsordninga, sidan denne ikkje har ein tilknytt rett til skyss. Dei hevdar at det blir ei feilslutning å seie at da bør heller ikkje leksehjelp ha ein slik tilknytt rett til skyss. Dei meiner at det er stor forskjell mellom skolefritidsordning og leksehjelp – den første er eit reint fritidstilbod, den andre ei direkte oppfølging av skolearbeid. Desse høringsinstansane hevdar på denne bakgrunn at leksehjelpa i større grad synest å medføre rett til skyss.

Andre høringsinstansar peiker på at ein ved å leggje leksehjelpa inn i ordinær skole vil løyse skyssproblemet, fordi leksehjelpa da vil liggje inne i den obligatoriske skoledagen.

Mange høringsinstansar hevdar at det er uheldig at tilbodet er frivillig. Påstanden er da at tilbodet ikkje vil bli brukt av dei som treng det mest. Det vil i staden bli nytta av dei som er positive til skolearbeid og som på bakgrunn av foreldra sin utdanningsbakgrunn og andre sosioøkonomiske forhold ser fordelene med å delta. Dei som frå før er skole svake eller som ikkje blir oppfordra heimanfrå til å delta på tilbodet, vil i større grad avstå. Ifølgje høringsinstansane må skolane i så fall leggje inn ekstra motivasjonsfaktorar for å stimulere alle til å delta, kanskje særleg dei som er negative i utgangspunktet. Dersom tilbodet blir lagt inn i den obliga-

toriske skoledagen, vil det komme alle til gode som ein del av den obligatoriske grunnopplæringa. Det blir hevda at ein da også vil sikre god kvalitet i tilbodet, fordi lærarar med m.a. pedagogisk bakgrunn vil stå for leksehjelpa.

Ein del høringsinstansar er kritiske til storleiken på dei beløpa som er sette av i budsjettet til leksehjelp. Beløpa er som utgangspunkt berekna ut frå fagarbeidarlønn. Mange meiner at det vil gi tilbodet for dårleg kvalitet, og gi urette signal om meininga med leksehjelpa. Denne skal etter høringsinstansane sitt syn ikkje vere oppbevaring av eller tilsyn med barn, men eit reelt tilbod om hjelp i samband med skolearbeid. Høringsinstansane meiner at slik hjelp må givast av lærarar med både fagleg innsikt og pedagogisk kompetanse.

Hå kommune seier om dette i høringsfråsegna:

«Når det er skolen som organiserer leksehjelpa, bør/må det være lærere som står for denne hjelpa. Skolen skal være garantist for kvaliteten på det arbeidet som utføres i skoletiden. Skal skolen kunne gi denne garantien, må lærere være leksehjelpere. Det er lærerne som har pedagogisk og didaktisk kompetanse og skal utøve denne kompetansen overfor elevene i det arbeidet som skolen står for.

Etat for opplæring og kultur ser med uro på at mer av arbeidet i skolen nå blir lagt på fagarbeidere/assistenter uten pedagogisk utdanning. Dette er en utvikling som bryter med ønsket om at skolen skal være faglig utviklende, sosialt utjevne og sosialt inkluderende.

Som profesjonelle fagfolk skal lærerne bidra til et godt læringsmiljø som igjen bidrar til gode skolefaglige prestasjoner og god sosial kompetanse samtidig som motiverte og velfungerende elever også bidrar til et godt læringsmiljø.

Lærers kunnskap om klasse/gruppe ledelse og om relasjonsbygging er avgjørende i læringsarbeidet».

Når det gjeld kvaliteten av tilbodet, er somme høringsinstansar opptekne av vaksenttleik og gruppestorleikar, sidan dei gruppene som skal ha leksehjelp, vil ha varierende storleik og samansetning. Enkelte meiner at lærarar i alle fall må brukast som kontaktpersonar og brubyggjarar mellom leksehjelparane og elevane, for å sikre nødvendig lærarinnverknad på tilbodet.

Somme høringsinstansar peiker på at det er inkonsekvent å foreslå eit leksehjelptilbod som legg opp til utstrakt bruk av assistentar. Mange assistentar blir brukte i samband med spesialundervisning, noko som der er kritisert. Ein høringsinstans meiner også at ein bør rekruttere folk med innvandrarbakgrunn som leksehjelparar, fordi dette vil lette både skolearbeidet og leksehjelpa for elevane med

slik bakgrunn. Desse elevane og deira føresette må også få tolketenester, informasjon på framande språk o.l. Somme høringsinstansar peiker spesielt på behov hos barn med særskilde behov, funksjonshemma og barn med innvandrarbakgrunn. Dei meiner at også desse må sikrast eit godt tilbod, og at deira behov må understrekast sterkare i lovforslaget. I tillegg til at kvaliteten av tilbodet må sikrast, meiner nokre av høringsinstansane at denne uttrykkjeleg må lov- eller forskriftsfestast.

Enkelte høringsinstansar meiner at tilbodet ikkje nødvendigvis må leggjast etter ordinær skoletid, men at det i alle fall må leggjast utanom det forskriftsfesta timetalet. Det kan f.eks. vere før skoletid eller på eit anna tidspunkt på dagen som fell utanom obligatorisk skoletid.

KS seier om dette:

«... etter obligatorisk skoletid... kan forstås på ulike måter. Det kan både forstås som «ut over obligatorisk skoletid», det vil si i tillegg til det forskriftsfestede timetallet, og som etter i tid, det vil si at leksehjelpen skal legges senere på dagen enn undervisningstimene. KS mener at den første forståelsen må legges til grunn...»

Det blir hevda at dette i alle høve må gå klart fram av lovforslaget.

Anten tilbodet blir organisert før eller etter skoletid, må det ifølgje somme høringsinstansar skje utan ventetid, men med innlagd pause, gjerne kombinert med mat og drikke. Dette gjeld i alle fall dersom tilbodet blir lagt rett etter skoletid. Nokre høringsinstansar reiser da spørsmål om pausetida skal takast frå leksehjelptida eller frå ordinær skoletid, og om kven som skal betale for maten.

Mange høringsinstansar ønskjer at tilbodet om leksehjelp må utvidast til å gjelde høgare trinn i grunnskolen. Somme meiner at det også må gjelde i vidaregåande opplæring.

Enkelte høringsinstansar er opptekne av tilhøvet mellom leksehjelptilbodet og skolefritidsordninga (SFO). Somme er bekymra for at eit slikt gratistilbod i SFO-tida vil gi svekte inntekter for kommunane. Desse inntektene er allereie gradvis svekte på grunn av stadige timetalsutvidingar. Somme meiner også at det må vurderast å gi frådrag i SFO-betalinga dersom tilbodet blir lagt inn i skolefritidsordninga. Enkelte høringsinstansar meiner at dette må gjelde også for dei som går i skolefritidsordninga, men som ikkje vil nytte leksehjelptilbodet. Nokre få høringsinstansar gir uttrykk for at dei ønskjer leksehjelptilbodet lagt inn i skolefritidsordninga. Eit par høringsinstansar meiner det er fordelaktig, særleg for barn med innvandrarbakgrunn, at tilbodet ikkje blir lagt inn i skolefritidsordninga, sidan få barn med slik bakgrunn deltek i denne ordninga.

Dermed vil tilbodet reelt sett nå også denne gruppa elevar.

Somme høringsinstansar er opptekne av lokala som skal brukast til leksehjelp. Dei meiner at leksehjelpa ikkje kan tilbydast i same lokale som skolefritidsordninga. Dessutan må lokala vere tilgjengelege for alle, også for elevar med særskilde behov.

Dei fleste høringsinstansane støttar, eller har ingen kommentarar til, at rektor skal ha ansvaret for leksehjelpa. Somme meiner likevel at det blir ei ekstra oppgåve administrativt for rektor, oftast også for skolen. Det blir også hevda at krav om sterkare skoleleiing ikkje harmonerer med at eit nytt område utanom den obligatoriske grunnopplæringa skal leggjast inn under rektors ansvar.

Somme meiner at forslaget vil gi uklare ansvarsforhold mellom skole og heim, og gi signal om at skolen med dette skal overta ansvaret for leksene til elevane. Det blir særleg understreka sidan leksehjelpa også gjeld for 1. årstrinn, dvs. eit signal gitt til foreldra frå første dag.

Enkelte høringsinstansar meiner at det må vere bindande påmelding til leksehjelpa, slik at opplegget blir føreseieleg for elevar, foreldre og for skolen. Eit drop in-tilbod etter det elevane sjølve finn for godt, vil m.a. vere uheldig for personalsituasjonen på skolen.

Ein høringsinstans peiker på at leksehjelp berre bør tilbydast i delar av skoleåret sidan behovet er varierende, avhengig av kva tid på året det dreier seg om. M.a. blir det hevda at behovet ikkje er til stades i byrjinga og på slutten av skoleåret.

Nokre få høringsinstansar har synspunkt på om ein skal kalle leksehjelpa noko anna, f.eks. «studietid», «hjelp til skolearbeid» eller «fagleg oppfølging og fordjuping».

Enkelte høringsinstansar er kritiske til at tilbodet om leksehjelp er marknadsført som eit tiltak spesielt retta til svake elevar. Høringsinstansane meiner at dette kan verke stigmatiserende og dermed få mange til å droppe tilbodet. Tilbodet må understrekast som eit tiltak berekna på alle.

Forslaget om å krevje politiattest av leksehjelparane har gjennomgåande fått brei støtte av høringsinstansane. Éin høringsinstans meiner det er for svakt at det her berre blir innført ei «kan»-føresegn ved å vise til opplæringslova § 10-9 andre ledd og den tilsvarande føresegna i privatskolelova § 4-3 andre ledd. Denne høringsinstansen meiner at det bør innførast plikt til å leggje fram politiattest på grunn av den nærleiken leksehjelparane vil få til elevane.

Av somme høringsinstansar er det hevda at pengane til leksehjelp burde kunne brukast på annan måte i skolen, f.eks. til utvida etter- og vidareut-

danning for lærarar. Somme hevdar også at ei ordning med leksehjelp er ei innblanding i det kommunale sjølvstyret.

Somme høringsinstansar er også opptekne av at privatskolane må kompensera fullt ut økonomisk etter forslaget.

2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet meiner at eit tilbod om leksehjelp for alle elevar på 1.–4. årstrinn er eit viktig verkmiddel når det gjeld målsetjingar for skolen som auka læring, sosial utjamning og tidleg innsats. Det vil også vere eit verkemiddel for å stimulere til betre gjennomføring av vidaregåande opplæring seinare i utdanningsløpet. Departementet meiner det er viktig at eit slikt tilbod er fleksibelt og tilpassa lokale tilhøve.

Leksehjelptilbodet skal vere gratis for elevane, og det skal vere frivillig for elevane å delta. Alle elevar som ønskjer det, skal ha høve til å delta. Leksehjelptilbodet skal vere eit tilbod om hjelp til skolearbeid uavhengig av om elevane har lekser i tradisjonell forstand eller ikkje. Forslaget inneber inga endring i den fridommen skolen har til å bestemme om og kor mykje lekser som skal givast.

Eit stort tal høringsinstansar har peikt på at leksehjelptilbodet må kombinerast med rett til skyss, og at ein slik rett må fullfinansierast frå staten si side. Det blir hevda av mange at ordninga i motsett fall ikkje vil vere eit reelt tilbod til alle, men berre ei ordning for dei få. Det blir da påstått at tilbodet først og fremst vil komme dei til gode som bur i kommunar med god økonomi, som har foreldre som kan sørgje for skyss, eller som bur så nær skolen at dei ikkje har behov for skyss. Høringsinstansane peiker på at det ligg føre rett til skyss til og frå den obligatoriske skoledagen på nærmare gitte vilkår. Men samtidig blir det peikt på at ein slik rett ikkje ligg føre når det gjeld skolefritidsordninga, og no heller ikkje er foreslått i tilknytning til leksehjelp. Det blir hevda at det da blir for mange tidspunkt der det må organiserast skyss, og at ein normal kommuneøkonomi ikkje tillèt dette. Somme meiner også at få vil makte, reint praktisk, uavhengig av økonomi, å organisere skyss til så mange tidspunkt. Enkelte høringsinstansar meiner at skysproblemet ville ha vore løyst dersom leksehjelpa vart lagd inn som del av den obligatoriske skoledagen. Departementet ser at spørsmålet om skyss er viktig for mange, men vil likevel ikkje no foreslå rett til skyss knytt til tilbodet om leksehjelp. Det er ikkje løyvt midlar til ein eventuell ny skyssrett. De-

partementet viser til at tilbodet er frivillig, og at det heller ikkje er knytt nokon rett til skyss til skolefritidsordninga generelt. Det vil såleis ikkje bli meir kostnader til skyss direkte forårsaka av leksehjelptilbodet, med mindre kommunen på eige initiativ tilbyr det. Departementet viser i den samanheng også til at timane med leksehjelp vil føre til reduserte utgifter til skolefritidsordninga, sidan elevane oppheld seg mindre her. Reduserte kommunale utgifter til skolefritidsordninga er ikkje trekte frå finansieringsgrunnlaget for leksehjelpa. Kommunen kan derfor nytte desse midlane til andre formål, under dette skyss – føresett at kommunen ikkje vel å redusere foreldrebetalinga.

Skal tilbodet vere reelt for alle, er det likevel ein fordel dersom skyssen etter skoletid for barn som ikkje går i skolefritidsordninga, kan haldast oppe etter leksehjelptilbodet for dei som vel å delta på dette. Departementet legg til grunn at plikta til å tilby leksehjelp gir stort rom for fleksibilitet både når det gjeld tidspunkt, lengde og klassetrinn. Det må også vere stort rom for fleksibilitet i organiseringa av skyss. Departementet meiner at denne fleksibiliteten, med omsyn til både leksehjelpa og skyssen, må gjere det mogleg for fylkeskommunar og kommunar å organisere skyss knytt til leksehjelpa på formålstenleg måte innanfor gjeldande rammer. Slik sett vil leksehjelpa bli eit reelt tilbod for alle og kunne medverke til sosial utjamning gjennom inkludering, betre rammer for læringsutbytte og større sosial trivsel.

Ei anna innvending frå nokre av høringsinstansane er at tilbodet er frivillig. Det blir hevda at det heller burde ha vore ein del av den obligatoriske skoledagen. Da ville tilbodet ha nådd alle, og tilbodet ville ha vore sikra god kvalitet ved at lærarar med pedagogisk bakgrunn hadde teke seg av det. Høringsinstansane ønskjer å sikre seg at tilbodet blir eit reelt tilbod om leksehjelp, ikkje eit tilbod om oppbevaring av og tilsyn med barn. Departementet meiner at skolane gjennom ulike motivasjonstiltak kan sikre seg at også dei mindre velvillige deltek i leksehjelptilbodet.

Somme høringsinstansar peiker på at for små midlar er sette av til tilbodet, fordi dei økonomiske berekningane som ligg til grunn for tilskotet for 2010 er gjorde ut frå fagarbeidarlønn. Departementet understrekar at det i desse berekningane også er lagt inn eit påslag på 25 pst., slik at den pedagogiske leiinga skal kunne koplast inn i organiseringa av tilbodet. I tillegg meiner departementet at assistentar i høg grad bør vere tilstrekkeleg for å gi god leksehjelp på 1 – 4. klassetrinn. Det er også nemnt at det i løyvingane er teke utgangspunkt i at alle elevar deltek i tilbodet.

Når det gjeld høringsinstansane sitt syn på tidspunktet for tilbodet, meiner departementet at det vanlegaste nok vil vere å leggje det etter skoletid. Det er likevel meininga at tilbodet skal vere så fleksibelt at den enkelte skolen kan leggje det til anna tidspunkt utanfor den obligatoriske grunnopplæringa, dersom dette er formålstensleg ut frå lokale forhold. Det blir understreka at det ved den enkelte skolen må etablerast tilfredsstillande tilsyn med dei elevane som ikkje deltek i leksehjelptilbodet.

Departementet er samd med dei høringsinstansane som seier at tilbodet gjerne også kunne ha blitt gitt på høgare klassetrinn. Her må det da gjerast merksam på at midlar i denne omgang berre er sette av til leksehjelp på 1 – 4. klassetrinn. Det betyr ikkje at leksehjelp ikkje kan vurderast som aktuelt på høgare trinn seinare.

Nokre få høringsinstansar meiner at tilbodet om leksehjelp bør integrerast i skolefritidsordninga. Departementet peiker på at det nettopp er meininga at kvar enkelt kommune skal avgjere dette ut frå lokale forhold. I forslaget er det kommunen som får pålegg om å tilby leksehjelp, og som dermed er ansvarleg for tilbodet.

Kva for lokale som skal brukast til leksehjelp, og dei konkrete krav som skal stillast til dei, må avgjerast lokalt. Dei fleste stader vil det vere naturleg å bruke lokale som allereie blir brukte til skole eller skolefritidsordning. Men andre lokale kan også brukast. Krava i opplæringslova kap. 9a, særleg § 9a-2 om det fysiske miljøet, vil i så fall gjelde tilsvarende for desse lokala.

Somme høringsinstansar er bekymra for at leksehjelptilbodet skal gi signal om at skolen tek over den rolla foreldra har i å hjelpe barna med lekser. Departementet er ikkje samd i denne bekymringa og viser til at tilbodet er frivillig og meint som ei hjelp for dei som ønskjer og treng det.

Få høringsinstansar har synspunkt på forslaget om at rektor skal vere øvste leiar for leksehjelptilbodet. Somme meiner likevel at det vil gi ei ny administrativ oppgåve for rektor, og at dette ikkje er å tilrå sidan leksehjelpa skal ligge utanfor obligatorisk skole. Departementet peiker på at sjølv om leksehjelpa ikkje skal vere ein del av grunnopplæringa, er det likevel viktig med nær tilknytning mellom skolearbeidet og leksehjelpa, slik at leksehjelpa blir mest mogleg nyttig og relevant for eleven. Forslaget om at rektor skulle leie leksehjelptilbodet var meint å sikre dette. Departementet har imidlertid kome til at det bør vere opp til kvar kommune korleis dei vil organisere tilbodet slik at også dette hensynet blir ivaretatt. Departementet foreslår derfor at forslaget frå høringsnotatet om ein uttrykkeleg

føresegn om at rektor skal leie tilbodet om leksehjelp, likevel ikkje skal vere med.

Om tilbodet om leksehjelp bør ha bindande påmelding, slik at det ikkje blir eit drop in-tilbod for elevane der dei kjem når det passar, og om tilbodet berre bør gjelde delar av året, er praktiske spørsmål som departementet føreset at den lokale skoleeigaren vil ta seg av. Dette er i alle fall forhold som etter departementet sitt syn ikkje krev lovregulering. Same omsyn gjer seg gjeldande for enkelte andre forhold – om tilbodet skal leggjast straks etter skoletid eller til eit anna tidspunkt, om det skal være innlagd pause mellom den ordinære skoledagen og tilbodet, og om kven som skal betale for eventuell mat og drikke i slike pausar. Også slike forhold må avgjerast lokalt i kvart enkelt tilfelle.

Departementet er samd i at leksehjelptilbodet må vere eit tilbod retta til alle elevar, ikkje berre dei svake. Dette er også nemnt i høringsforslaget frå departementet. Men i det same høringsforslaget er det understreka at tilbodet også er vurdert som eit godt tiltak for svake elevar. Tilbodet skal vere eit tiltak som ledd i ein strategi om tidleg innsats, og det skal vere eitt av fleire tiltak for å hindre fråfall.

Når det gjeld krav om politiattest for dei som skal være leksehjelparar, meiner éin høringsinstans at det bør innførast plikt til å krevje framlagd politiattest. Høringsforslaget inneber berre rett til å krevje det. Høringsinstansen meiner at dette er for svakt. Departementet er ikkje prinsipielt usamd i dette, men peiker på at det kjem an på kven som gir leksehjelpa om det er plikt eller rett. Dersom leksehjelparen blir tilsett i skolefritidsordninga eller i grunnskolen, gjeld det plikt. Om derimot leksehjelparen berre regelmessig oppheld seg på skolen, men er utan formelt tilsetjingsforhold, har departementet foreslått same løysing som for andre som regelmessig oppheld seg på skolen eller i skolefritidsordninga. Departementet har ikkje funne grunn til å lage ei særordning for leksehjelparane, heller ikkje no å foreslå opplæringslova § 10-9 andre ledd og privatskolelova § 4-3 andre ledd endra. Dessutan er reglane om politiattest under vurdering, sist som følgje av forslaget frå Justisdepartementet til ny politiregisterlov, som ligg til behandling i Stortinget. Dette lovforslaget kan medføre etterfølgjande endringar i sektorlovgivinga, m.a. i opplæringslova og privatskolelova.

Etter departementet sitt syn bør leksehjelparane, på linje med andre som arbeider med barn i skolen, leggje fram politiattest. Departementet viser til grunngiving og vurdering bak desse føresegnene generelt, sjå også noko omtale av slike vurderingar i pkt. 9.

Somme høringsinstansar peiker på at dei priva-

te skolane også må finansierast fullt ut for tilbodet om leksehjelp. Til dette kan departementet seie at det avsette beløpet til leksehjelp for dei private skolane for 2010 gjer at desse skolane er finansierte fullt ut.

På bakgrunn av det som er sagt ovanfor, vil departementet i hovudsak halde oppe det forslaget som vart sendt til høring.

Departementet viser elles til lovforslaget og merknadene i kapittel 12.

3 Forslag om endring i føresegnene om bortvising av elevar

3.1 Bakgrunnen for lovforslaget

I St. meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* vart det understreka at lærarkompetansen og samspelet med elevane er den viktigaste faktoren i skolen for at elevane lærer. Samtidig vart det peikt på kva ro og orden i klasserommet har å seie. Det vart understreka at:

«Lærernes evne til å framstå som tydelige ledere og til å gi støtte til elevene har stor betydning for elevenes læring. En lærer med autoritet framstår som en trygg voksenperson som viser at han eller hun bryr seg om elevene og tør å sette krav til elevenes oppførsel. Konsekvent grensesetting er en nøkkel for å skape et godt læringsmiljø preget av ro, orden og respekt.»

3.2 Gjeldande rett

Bortvising frå undervisninga er regulert i lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17. juli 1998 § 2-10 for grunnskolen og § 3-8 for vidaregåande opplæring. For private skolar er bortvising frå undervisninga regulert i lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) av 4. juli 2003 nr. 84 § 3-10. Regelverket er nærmare presisert og beskrive i rundskriv Udir-07-2005 *Om ordensreglement i grunnskoler og vidaregåande skoler*.

Det følgjer av opplæringslova § 2-10 andre ledd første punktum og § 3-8 første ledd andre punktum at det er rektor sjølv som kan ta avgjerder om bortvising. Er rektor fråverande, vil den som fungerer, ha dette myndet. Myndet kan ikkje overlatast til andre. Dette inneber at faglærarane eller andre tilsette ikkje kan ta avgjerd om bortvising sjølve, men må sende eleven til rektor, slik at rektor kan ta avgjerd om å bortvise eleven.

For private skolar er det den daglege leiaren som har myndet til å ta avgjerd om bortvising, jf. privatskolelova § 3-10. Føresegna svarer i det vesentlege til opplæringslova §§ 2-10 og 3-8.

I privatskolelova § 3-10 fjerde ledd er det fastsett at avgjerder om bortvising frå private skolar er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.

I merknaden til føresegna i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) er det presisert at det etter departementet si vurdering berre er avgjerder om bortvising for éin eller fleire dagar som er å rekne som enkeltvedtak.

For offentlege skolar er den tilsvarende tolkinga av forvaltningslova § 2 teken inn i rundskriv Udir-07-2005 *Om ordensreglement i grunnskoler og vidaregåande skoler*. Der går det fram at avgjerd om bortvising for éin eller fleire dagar, dessutan bortvising for resten av eit kurs eller tap av rett til vidaregåande opplæring, er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova kap. III – VI gjeld.

Etter departementets vurdering inneberer dette at både for offentlege og private skolar vil bortvising frå undervisninga for kortare tidsperiodar enn éin dag ikkje vere enkeltvedtak.

3.3 Høringa

3.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget skreiv departementet dette:

«Bortvisning fra opplæringen for en kortere eller en lengre tidsperiode er en alvorlig sanksjon. Det er derfor viktig at regelverket knyttet til bortvisning ivaretar hensynet til elevenes rettssikkerhet, samtidig som det åpner for muligheten til å vise bort elever når det er nødvendig. Regelverket må ikke være til hinder for en god, situasjonstilpasset og myndig klasseledelse som fremmer alle elevenes læring.

Etter gjeldende rett er det kun rektor selv eller den som fungerer i rektors fravær som kan treffe avgjørelse om bortvisning. Regelverket skiller ikke mellom kortere og lengre tidsperioder på dette punktet. Kunnskapsdepartementet mener at avgjørelse om bortvisning for lengre tidsperioder, i tråd med gjeldende rett, fortsatt bør avgjøres av rektor eller den som fungerer i vedkommendes sted.

Departementet legger til grunn at bortvisning fra undervisningen for kortere tidsperioder utgjør et mindre inngrep i elevenes rett til opplæring enn bortvisning for lengre tidsperioder. Samtidig er det viktig at lærere har de nødvendige virkemidler til disposisjon for å kunne

skape et godt læringsmiljø preget av ro, orden og respekt. Myndighet til å fatte avgjørelser om bortvisning for mindre tidsperioder bør derfor etter departementets vurdering kunne delegeres slik at avgjørelsen kan tas av den enkelte lærer.

Etter departementets vurdering bør slik delegert myndighet for lærere gjelde avgjørelse om bortvisning for inntil en dag. For bortvisning for mer enn resten av en dag bør rektor fortsatt fatte avgjørelsen og bør ikke kunne delegeres denne myndigheten til andre. Læreren må i slike tilfeller fortsatt sende elevene til rektor, som treffer en eventuell avgjørelse om bortvisning. En slik todelt løsning vil gi læreren den nødvendige autoritet i den konkrete undervisningssituasjonen, samtidig som hensynet til elevenes rettsikkerhet ved bortvisning for lengre tidsperioder ivaretas.»

Departementet konkluderte slik:

«Departementet foreslår at opplæringsloven §§ 2-10 og 3-8, og privatskoleloven § 3-10 endres slik at myndighet til vise bort elever fra undervisningen for opptil en dag kan delegeres fra henholdsvis rektor og daglig leder til faglærere.»

3.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

I underkant av 100 høringsinstansar har gitt fråsegn, og 70 instansar har uttalt seg om forslaget. Ingen av departementa har hatt merknader til forslaget.

Høringsinstansane er delte i synet på forslaget. Et fleirtal støttar ikkje departementet sitt forslag slik det gjekk fram i høringa. Eit fleirtal av høringsinstansane er likevel samde i at rektor bør kunne delegeres myndet til bortvising frå enkelttimar eller undervisningsøkter til faglærarar.

Fleirtalet av dei instansane som ikkje støttar forslaget, peiker på at delegering av myndet vil kunne auke risikoen for forskjellsbehandling av elevar, avhengig av praksis hos ulike lærarar. Fleire peiker på behovet for klare retningslinjer for rektors kontroll og oversyn. Enkelte instansar meiner at det i lovverket bør etablerast plikt for lærarar som viser bort elevar til å rapportere dette til rektor.

Fleire instansar peiker på at bortvising for resten av ein dag ikkje er godt grunngitt i omsynet til å styrkje autoriteten til lærarane i undervisningssituasjonen. For å vareta slik autoritet blir det peikt på at det berre er nødvendig med mynde til å bortvise for ein enkelttime eller resten av ei undervisningsøkt. Mange instansar peiker i tillegg på at det kan verke urimeleg at ein lærar skal kunne få dele-

gert mynde til å vise ein elev bort for resten av dagen, og dermed vise bort elevar frå undervisninga til kollegaer. Instansane meiner at det i tilfelle der det er aktuelt med bortvising for resten av ein dag eller for fleire timar, vil vere naturleg at det er rektor eller dagleg leiar for ein privatskole som bør ta avgjerda.

7 fylkesmenn har uttalt seg om forslaget, og av desse er 5 fylkesmenn positive til at myndet til å ta avgjerder om bortvising for mindre tidsperiodar kan delegerast slik at avgjerd kan takast av den enkelte lærar. Desse fylkesmennene tek likevel enkelte atterhald, m.a. blir det uttalt at forslaget berre skal gjelde for bortvising frå ein enkelttime eller ei undervisningsøkt, ikkje for resten av ein dag.

Fylkesmannen i Nordland uttaler:

«Vi mener at læreren ikke bør kunne vise bort en elev for resten av dagen. Dette er en sanksjon som potensielt er så sterk at rektor må involveres, som før. Adgang for lærer til å vise bort elev for resten av dagen åpner i for stor grad for vilkårlighet og reell forskjellsbehandling mellom elever. På bakgrunn av dette er vi uenig i forslaget til ny ordlyd.

Vi mener likevel at læreren bør kunne vise bort en elev for resten av timen/undervisningsøkta. Dette av hensyn til lærerens autoritet i klassen og til ro og orden.

I alle tilfeller vil en regel som gir læreren kompetanse til å vise bort elever fra undervisningen stille store krav til hver skoles ordensreglement. Det blir enda viktigere enn før å sikre en viss forutberegnelighet for elevene. Det gjelder ikke bare i forhold til mulige sanksjoner, men også med tanke på hvilken adferd som helt konkret kan føre til sanksjonene.»

Blant dei høringsinstansane som har uttalt seg, er det 15 fylkeskommunar og 26 kommunar.

Av fylkeskommunane er 7 positive til forslaget frå departementet slik det vart sendt til høring, 1 fylkeskommune er negativ, medan dei resterande 7 er positive med enkelte atterhald, m.a. om at dette berre skal gjelde for bortvising frå ein enkelttime eller ei undervisningsøkt, ikkje for resten av ein dag.

Aust-Agder fylkeskommune uttaler:

«Det kan synes urimelig om en lærer skal ha myndighet til å bortvise elever fra andre kollegaers undervisningstid, og slik sett vil en alternativ løsning kunne være at rektor kan delegeres myndighet til lærere til å treffe avgjørelse om bortvisning kun i egen undervisningsøkt.

Fylkesrådmannen merker seg KDs presisering om at avgjørelser om bortvisning for mindre enn en dag ikke vil være å regne som et enkeltvedtak etter forvaltningsloven. Dette betin-

ger imidlertid at forseelser som kan bli gjenstand for refsingstiltak klart kommer til uttrykk i skolereglementet. Reglementet må klart tilkjennegi hvilke refsingstiltak det kan være snakk om ved ulike forseelser.

Fylkesrådmannen vil derfor si seg enig i departementets vurdering at slik delegert myndighet for lærere skal gjelde avgjørelse om bortvisning for inntil en dag. For bortvisning for mer enn resten av en dag skal rektor selv fatte avgjørelsen, og rektor skal ikke kunne delegere denne myndigheten til andre.

En slik todelt løsning mener fylkesrådmannen vil gi læreren den nødvendige autoritet i den konkrete undervisningssituasjonen, samtidig som hensynet til elevenes rettssikkerhet ved bortvisning for lengre perioder ivaretas.»

Av kommunane er 9 positive til forslaget frå departementet slik det ligg føre. 13 kommunar er negative, medan 4 støttar forslaget med enkelte atterhald, m.a. om at dette berre skal gjelde for bortvisning frå ein enkelttime eller ei undervisningsøkt, ikkje for resten av ein dag.

Trondheim kommune uttaler:

«Trondheim kommune er i mot Kunnskapsdepartementet sitt forslag om endring av § 2-10 i opplæringsloven – delegering av myndighet til bortvisning av elever fra undervisningen. Det er etter Trondheim kommune sitt syn ikke behov for delegasjon av den myndighet rektor har i dag om bortvisning. Dette gjelder uavhengig av lengde på utvisning og hvem som kan få delegert slik myndighet. Autoritet bygges ved hjelp av andre mekanismer enn formell myndighet til utvisning som sanksjonsmiddel.»

Oslo kommune uttaler:

«Opprettholdelse av ro og orden er helt avgjørende for å fremme et godt læringsmiljø i skolen. Læreren er ofte den voksenpersonen som er nærmest eleven i situasjoner som kan føre til bortvisning, og det kan derfor være en fordel at læreren har myndighet til å vedta bortvisningen. Samtidig vil det være av vesentlig betydning å påse at lovens vilkår overholdes. Praktiseringen av den delegerte myndigheten må ikke åpne for at bortvisning kan skje på impuls i en vanskelig situasjon. Med bakgrunn i dette viser Oslo kommune til annet ledd i gjeldende § 2-10 i opplæringsloven, der det heter: – Rektor sjølv vedtek bortvisning etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. (...)». Gjeldende lov pålegger rektor å rådføre seg med elevens lærere før vedtak om bortvisning fattes. Bestemmelsen er med på å sikre et best mulig grunnlag for vedtaket. Oslo kommune vil påpeke at en slik rådføring fremdeles skal gjelde hvis lærerne tildeles myndighet til bortvisning. Følgelig bør

det settes vilkår i opplæringsloven for hvem læreren skal rådføre seg med før vedtak om bortvisning fattes. Slik rådføring kan for eksempel gjøres med rektor, sosiallærer eller lærerkollega. Ansvaret for at den delegerte myndigheten praktiseres i tråd med vilkårene bør fortsatt ligge hos rektor.

Mht. hvor lange perioder lærerne bør kunne vise bort elever, er Oslo kommune enig i departementets forslag om at bortvisning inntil én dag er hensiktsmessig.

Oslo kommune er av den oppfatning at vedtak om bortvisning av elever kun bør fattes av lærere som er tilknyttet skolens faste personale, og som har godkjent lærerutdanning. Dette av hensyn til elevenes rettssikkerhet, da utdannede lærere i større grad enn ufaglært personale vil inneha kompetanse innenfor pedagogikk og lovverk, som vil være av betydning for å håndtere situasjoner der bortvisning kan være aktuelt.»

KS støttar ikkje forslaget og ser ikkje behovet for endringa. KS uttaler:

«KS mener at henvisning til biblioteket når en elev kommer for sent, ikke reguleres av reglene om bortvisning i opplæringsloven §§ 2-10 og 3-8. Et slikt tiltak er dermed heller ikke et enkeltvedtak, men en beslutning som skoler kan treffe med grunnlag i ordensreglementet som et ledd i organisering og tilretteleggingen av undervisningen.

KS ser dermed ikke behov for den foreslåtte lovendringen, dersom hensikten med denne er at lærere og skoler med utgangspunkt i skolenes ordensreglement, skal kunne henvise elever til å oppholde seg andre steder enn i det aktuelle undervisningsrommet når de kommer for sent til undervisningen og hensikten er å unngå at undervisningen forstyrres.

Etter KS' mening er det viktig å trekke en grense mellom reaksjoner som 1) er ment som refselser og 2) reaksjon eller tiltak begrunnet i opplæringsmessige eller ordensmessige formål. Begge deler kan oppleves som en straff eller et onde for eleven, men det må trekkes en grense der reaksjonens eller tiltakets primære formål legges til grunn.

KS mener at kommunene og fylkeskommunene har adgang til å fastsette ordninger i ordensreglementene som hindrer elever som kommer for sent i å forstyrre undervisningen. Dette omfatter ordninger som henviser elevene til andre steder på skolen og at elevene er under tilsyn.»

Utdanningsforbundet, Norsk lektorlag, Norsk skolelederforbund og Skolenes landsforbund støttar forslaget med atterhald om at lærarar berre bør få delegert mynde til å vise bort frå eiga undervisning.

Utdanningsforbundet uttaler:

«Utdanningsforbundet støtter departementets forslag om å åpne for at rektors myndighet til å fatte avgjørelse om bortvisning fra undervisningen for inntil én dag, kan delegeres til lærerne. At lærere, for å skape ro og orden i læringssituasjonen, har bortvist elever fra egen undervisning, har vært gjeldende praksis ved mange skoler. Forslaget vil styrke læreren som tydelig leder i klasserommet.

Utdanningsforbundet mener at lærerne ikke skal kunne delegeres myndighet til å bortvise elever fra andre læreres timer. Bortvisningsmyndigheten må avgrenses til bare å gjelde egne timer.

Bortvisning kan være et virkemiddel for å skape et godt læringsmiljø preget av ro, orden og respekt. Bortvisning kan også være et pedagogisk virkemiddel for å ivareta elever som er i affekt slik at de får roe seg ned og tenke seg om og få hjelp til dette av andre enn læreren. Det kan dermed være et tiltak for å bedre opplæringssituasjonen både for den enkelte og for klassen. Når vanskelige disiplinære situasjoner oppstår i undervisningen, må læreren ha autoritet og vises tillit til at hun bruker sitt profesjonelle skjønn for å finne løsninger til alles beste. Delegering av mulighet til å bruke bortvisning gir lærerne tillit til å utøve profesjonelt skjønn i undervisningssituasjonen.»

Eleveorganisasjonen, Barneombudet og Elev- og lærerombudet i Oslo støtter ikkje forslaget frå departementet.

Eleveorganisasjonen uttaler:

«Å delegere en slik myndighet til hver enkelt lærer vil føre med seg en stor forskjell i praktiseringen av hvem som blir bortvist og hvorfor. Jo flere lærere som skal ha denne myndigheten, jo større forskjeller vil det kunne føre med seg. Det er også svært negativt at en lærer kan bortvise elever for en periode utover sin egen arbeidsøkt. Selv om eleven ikke er motivert i ett fag betyr ikke dette at eleven vil skape problemer for medelever, lærere eller hele opplæringssituasjonen i andre fag. Det er da heller ikke gitt at det i slike tilfeller er eleven som er problemet. Vi ser det da som en nødvendighet å ha rektor, en objektiv tredjepart som er kjent med prosesser og lovverk, som den avgjørende parten som skal fatte vedtaket om bortvisning.

Vi stiller oss også kritiske til hvorvidt en slik endring faktisk vil føre med seg en sterk og autoritær lederrolle for lærerne. Å gi lærere mulighet til å bortvise vil ikke føre til noen positiv endring for eleven, men kan føre til at lærere bortviser på galt grunnlag og skaper en klasseledelse basert på frykt og sanksjoner. Vi ser ik-

ke dette som en styrking av lærers autoritet, men det motsatte. I tråd med kunnskapsløftets prinsipper har vi i dag en opplæring som skal være preget av tilpassning, medvirkning og dialog, ikke bråk og sanksjoner. Ro og orden i klasserommet i dag, vil komme av en skole som ser, tar vare på og tilrettelegger for den enkelte elev, samt gjensidig respekt mellom elev og lærer. Vi kan ikke se hvordan en slik lovendring vil gjøre noe annet enn det motsatte. Det er essensielt at rektor er den avgjørende parten i en så alvorlig avgjørelse, der man faktisk fratar elevens viktigste rett, retten til opplæring.»

Barneombudet uttaler:

«Barneombudet kan ikke støtte forslaget. Der som en elev utgjør et så stor problem at bortvisning er nærliggende, bør en som et minimum kunne kreve at rektor gir forholdet sin fulle oppmerksomhet og er den som fatter vedtaket.

Forslag om at en lærer kan bortvise en elev «inntil en dag» kan hurtig bli både urimelig og et uforholdsmessig inngrep. Det er ikke en ukjent situasjon at en lærer kan slite med elever som de øvrige lærerne mestrer. I disse sakene er det ikke gitt at det er eleven som er problemet. Rektor bør forpliktes til selv å undersøke hvorfor enkelte lærere strever mer med disiplin enn de øvrige lærerne, og rektor bør sette inn tiltak for å styrke disse lærerne i sin lærergjerning samtidig som det settes inn tiltak rettet mot eleven.

Det er etter Ombudets skjønn påfallende hvor lett voksne tyr til forslag om straff ovenfor barn og ungdom, og hvor fraværende slike forslag er ovenfor voksne i arbeidslivet. Elevene har en plikt til å gå på skolen. Rektor har ansvaret for å sikre dem et godt læringsmiljø. Å frata elever en lovfestet rett til opplæring gjennom bortvisning er så alvorlig at eleven som et minimum må kunne kreve at skolens øverste ledelse gir det sin oppmerksomhet.»

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) uttaler:

«Bortvisning fra undervisningen på barnetrinnet er en svært alvorlig reaksjonsform som bare må brukes i særlige tilfeller og i samråd med foreldrene. På ungdomstrinnet kan FUG godta at lærer har rett til bortvisning i inntil en skoletime eller arbeidsøkta. På videregående skole kan lærer i særlige tilfeller gis anledning til bortvisning resten av dagen.

I alle tilfeller må det foretas registrering av hvem som bortvises, årsak til bortvisning og hvilken lærer som foretar bortvisning. Rektor har ansvaret for å følge opp den enkelte sak for å vurdere bakgrunn og sette i verk tiltak som gjør at man unngår gjentagelse.»

Norsk forbund for funksjonshemmede, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, ADHD Norge og Autismeforeningen i Norge støttar ikkje forslaget. Organisasjonane peiker m.a. på at delegering av myndet kan føre til auka bruk av bortvising for elevar med konsentrasjonsvanskar. Funksjonshemmedes fellesorganisasjon uttaler:

«Bortvisninger er et resultat av at noe er galt, og en delegering av denne myndigheten til lærerne kan bidra til at de bakenforliggende problemene ikke avdekkes og adresseres. Videre handler også dette om elevers rettssikkerhet. Hvordan kan en kontrollere at bortvisninger ikke skjer i affekt, og hvordan kan en kontrollere at bortvisninger ikke er forskjellsbehandling eller diskriminering? Elever med eksempelvis ADHD eller andre konsentrasjonsvansker vil i særlig grad havne i situasjoner der de ofte kan bli bortvist, når det de faktisk trenger er målrettede (spesial)pedagogiske tiltak og tilpasninger.»

3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at høringsinstansane er delte i synet på forslaget. Departementet merkjer seg at eit fleirtal av høringsinstansane ikkje støttar departementet sitt forslag slik det er utforma. Samtidig merkjer departementet seg at eit fleirtal av høringsinstansane ønskjer at rektor skal ha høve til å delegere mynde til lærarar for bortvising for enkelttimar eller ei enkelt opplæringsøkt som strekkjer seg over fleire timar. Høringsinstansane meiner såleis at bortvising for «inntil en dag» er for omfattande.

På bakgrunn av høringa fremjar departementet eit justert forslag. Departementet foreslår at opplæringslova og privatskolelova blir endra slik at høvesvis rektor og dagleg leiar kan delegere mynde til lærarar til å vise bort elevar frå deira eiga undervisning og for ei opplæringsøkt som varer opp til to klokketimar – ikkje for resten av dagen. Departementet meiner at ei slik utforming av lovforslaget på ein god måte varetek balansen mellom rettstryggleiken til dei enkeltelevar dette gjeld, og behovet for at lærarane får tilstrekkeleg autoritet, mynde og verkemiddel til å skape godt læringsmiljø. På bakgrunn av at det i dag ikkje alltid er tale om ein skoletime med klart definert tidsperiode, foreslår departementet at lovføresegna seier at bortvisinga kan gjelde ei opplæringsøkt, og at denne blir avgrensa oppover til to klokketimar. Avgrensinga på maksimalt to timar vil gjere den ytre grensa heilt

eintydig, uavhengig av korleis skoledagen er organisert på den enkelte skolen.

Departementet understrekar også at læraren berre skal ha løyve til å vise bort frå si eiga undervisning. Det kan altså ikkje visast bort frå undervisninga til andre lærarar. Vidare kan ein lærar berre vise bort frå sjølv undervisninga. Dersom det er tale om å sende ein elev heim, må det grunnnivast av rektor sjølv. Slikt mynde kan ikkje delegerast. I denne samanheng viser departementet elles til at skolen vil ha tilsynsansvar for elevar som er bortviste for ei opplæringsøkt, på same måten som tidlegare. Anten det er ein lærar etter delegering eller det er rektor som viser bort, må omfanget og rekkjevidda av tilsynsansvaret vurderast og takast vare på. Om myndet til å vise bort frå undervisninga blir delegert, må såleis eit system for å ta hand om dette tilsynsansvaret på formålstenleg måte tilpassast til delegeringa.

Eit fleirtal av høringsinstansane meiner at myndet berre skal kunne delegerast til lærarar, ettersom det er dei som kan ha behov for å vise elevar bort for ein kort tidsperiode utan å konsultere rektor. Enkelte instansar peiker også på at avdelingsleiarar og anna administrativt personale bør kunne få myndet. Departementet er samd med fleirtalet av høringsinstansane om at myndet til bortvising i utgangspunktet bør givast til så få som mogleg. Etter departementet sitt syn er det lærarar det i første omgang vil vere behov for å delegere til. Det er denne gruppa som skal styre læringsmiljøet for elevgruppene. Skulle det oppstå situasjonar der anna skolepersonale måtte ha behov for å vise bort ein elev, kan det gå via rektor. Inkludert i lærargruppa vil vere både dei som er mellombels tilsette i lærarfunksjon, sjølv om dei ikkje tilfredsstiller kompetansekrava, og dei som er tilsette som avdelingsleiarar når dei underviser.

Fleire høringsinstansar, mellom desse *Elevorganisasjonen* og *Barneombodet*, peiker på at utvida høve for rektor til å delegere mynde opnar for auka bruk av bortvising som sanksjon. Til dette vil departementet seie at vilkåra for bortvising frå undervisninga står ved uendra. Forslaget gjeld berre kven som har høve til å ta avgjerd om bortvising for ein kortare tidsperiode, ikkje dei materielle vilkåra for å bruke bortvising som sanksjon. Dette betyr at bortvising frå ei undervisningsøkt framleis vil vere eit refsingstiltak som må heimlast i ordensreglementet. Det vil framleis vere krav om gjentekne eller alvorlege brøt på regelverket for at bortvising kan setjast i verk, og det skal vere eit rimeleg høve mellom overtreding og sanksjon. Departementet vil seie at dette, som tidlegare, vil innebere at bortvising for kortare tidsperiodar kan påleggjast som

sanksjon for mindre alvorlege overtredingar enn tilfellet ville vere ved bortvising for lengre tidsperiodar. Eit rimeleg høve mellom tilfellet og bortvisinga vil vidare innebere at vilkåra for bortvising må sjåast i samanheng med innslaget av og innhaldet i oppfølginga av eleven i den tida eleven er bortvist.

Det er også ein føresetnad for bortvising at dette er fastsett av kommunen i ordensreglementet. Sjølvdelegeringstilgangen treng likevel ikkje vere regulert i ordensreglementet. Han ligg i alle høve heimla i lovforslaget, all den tid det ligg føre eit høve til bortvising i ordensreglementet. Kommunen kan likevel, etter lovforslaget, bestemme i ordensreglementet at det ikkje skal vere høve til å delegerere.

I høringsfråsegna frå *Utdanningsdirektoratet* legg direktoratet vekt på at bortvising skal vere ein siste utveg, og at sanksjonen må brukast med varsemd. Direktoratet uttaler vidare at rektor har ei

viktig rolle i samband med oppfølginga av elevane, og at den oversikt rektor har over bruken av bortvising er viktig, eksempelvis i vidaregåande opplæring knytt til elevar som er i risikosona for fråfall. Departementet er samd i desse vurderingane. Der som ein rektor vel å delegerer mynde i samsvar med forslaget, er det viktig at det samtidig finst gode system lokalt for å ta hand om det behovet skoleleiinga har for informasjon og oversikt over situasjonen hos enkeltelevar.

Departementet fremjar etter dette forslag om endringar i opplæringslova § 2-10 tredje ledd, opplæringslova § 3-8 første ledd og privatskolelova § 3-10 første ledd, slik at rektor får høve til å delegerer mynde til å vise bort elevar frå undervisninga for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokkeimar.

Departementet viser til vurderingane ovanfor og merknaden til føresegnene i kapittel 12.

4 Forslag om å lovfeste rett til skyss for funksjonshemma til og frå skolefritidsordning

4.1 Bakgrunn for lovforslaget

I behandlinga av St.meld. nr. 25 (2005-2006) *Meistring, muligheter og mening*, bad fleirtalet i Helse- og omsorgskomiteen i si innstilling til Stortinget regjeringa om å «komme tilbake til Stortinget med forslag til løsningar for hvordan et tilfredsstillende skolefritidstilbud for barn med funksjonshemminger kan sikres i hele utdanningsforløpet», jf. Innst. S. nr. 150 (2006–2007) pkt. 2.18.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Rambøll Management utarbeidd rapporten *Kartlegging av fritidstilbudet til barn og unge med nedsatt funksjonsevne*, som vart lagd fram i september 2008. Formålet med rapporten var å få innspel til korleis regjeringa kan leggje til rette for eit godt fritidstilbud før og etter skoletid for barn med nedsett funksjonsevne. Transport er ei av fleire hindringar for deltaking i fritidstilbud for desse barna og unge. Manglande høve til transport viser seg ifølgje rapporten frå Rambøll Management å vere ei av dei oftast oppgitte hindringane for at barn og unge nyttar ulike fritidstilbud. Etter rapporten viser undersøkingar at det er ønske om transport til og frå skolefritidsordninga, og at det er ønske om at transporten er gratis. Rambøll-rapporten peiker også på at gratis skyss frå skolefritidsordninga vil medverke til at foreldra i større grad vil ha høve til å vere i fulltidsjobb.

Kunnskapsdepartementet vurderer vidare oppfølging, i samarbeid med andre aktuelle departement. Forslaget her er ein del av denne prosessen.

4.2 Gjeldande rett

Opplæringslova § 7-1 første ledd gir elevvar i grunnskolen rett til gratis skyss til og frå skolen dersom skolevegen er av ein viss lengd eller om skolevegen er særleg farleg eller vanskeleg. Når elevane har behov for skyss på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, har dei rett til gratis skyss uavhengig av dette. Dette følgjer av opplæringslova § 7-3, som seier at «Elevvar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller

sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden». Etter § 7-3 er det ikkje tilstrekkeleg at eleven har funksjonshemming, midlertidig skade eller sjukdom. I tillegg set føreseigna som vilkår for skyssretten at funksjonshemminga, skaden eller sjukdommen gjer det nødvendig med skoleskyss. Dette er understreka i merknadene til føreseigna i Ot.prp. nr. 46 (1997–1998).

Opplæringslova har ikkje føreseigner som gir rett til skyss til og frå skolefritidsordninga. I dag er det opp til kommunen og fylkeskommunen om det blir lagt til rette for at dei barna som deltek i skolefritidsordninga, får dette tilbodet.

Etter privatskolelova har elevane rett til skyss på tilsvarande måte som etter opplæringslova. Privatskolelova § 3-7 første ledd første punktum viser til dei aktuelle føresegnene i opplæringslova, inkludert § 7-3 om rett til skyss for funksjonshemma. Av privatskolelova § 3-7 første ledd andre punktum følgjer at retten til skyss berre gjeld innanfor bustadkommunen for elevvar i grunnskolen og innanfor bustadfylket for elevvar i vidaregåande skole.

4.3 Forslaget i høringsnotatet

Ifølgje opplæringslova § 13-7 første ledd skal kommunen ha tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for elevvar på 1.–4. årstrinn og for barn med særskilde behov på 1.–7. årstrinn. Departementet er oppteke av å fjerne barrierar som hindrar barn med nedsett funksjonsevne i å delta i skolefritidsordninga på lik linje med funksjonsfriske barn.

Som eit tiltak for å inkludere barn med funksjonshemming i skolefritidsordninga foreslo departementet å innføre rett til skyss til og frå skolefritidsordninga for barn med funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, som har behov for skyss og som har tilbod om plass i den skolefritidsordninga kommunen har oppretta etter opplæringslova § 13-7. Skyssretten skal vere tilsvarande dagens rett til skyss til og frå skolen, likevel slik at retten er knytt til opningstida for skolefritidsordninga, med rett til skyss til skolefritidsordninga før skoletid og heim frå skolefritidsordninga om etter-

middagen. Forslaget inneber at skyssretten er knytt til spørsmålet om funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom gjer det nødvendig med skyss.

Departementet understreka at skyss til og frå skolefritidsordninga må gå i rimeleg tid før skolefritidstilbodet begynner og etter at skolefritidsordninga sluttar. Vidare må skyssen organiserast slik at barnet får akseptabel reisetid. Departementet viste til forarbeida til føresegnene om skyss i Ot.prp. nr. 46 (1997–98) kap. 16.4.1.

Etter opplæringslova § 7-4 har elevar rett til nødvendig reisefølgje og nødvendig tilsyn når det blir ventetid før eller etter undervisningstilbodet. Departementet foreslo at barn som har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga etter forslaget, også skal ha rett til reisefølgje når barnet ikkje kan reise aleine, og til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før skolefritidstilbodet begynner og etter at skolefritidstilbodet er slutt.

Plikta til å ha skolefritidsordning gjeld berre i skoleåret. Kommunen er derfor ikkje forplikta til å gi tilbod om skolefritidsordning i skoleferiane. Dette er understreka i Ot.prp. nr. 60 (1997–1998), kapittel 2.1. Mange kommunar har likevel tilbod om skolefritidsordning i feriane. Forslaget frå departementet om rett til skyss omfattar ikkje skyss til og frå eit eventuelt tilbod om skolefritidsordning i skoleferiane. Departementet bad likevel om vurdering frå høringsinstansane av ei eventuell innføring av rett til skyss til og frå skolefritidsordninga i skoleferiane, inklusive dei økonomiske og administrative konsekvensane.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha tilbod om skolefritidsordning dersom slike ordningar oppfyller krava i lova, jf. opplæringslova § 13-7 sjuande ledd. Forslaget frå departementet om rett til skyss gjeld også dersom kommunen nyttar private skolefritidsordningar til å oppfylle plikta etter opplæringslova § 13-7.

Det følgjer av opplæringslova § 13-4 første ledd fjerde punktum at det er fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til skyss etter § 7-3 for funksjonshemma, mellombels skadde eller sjuke. Departementet foreslo at fylkeskommunen også skal ha ansvaret for å oppfylle skyssretten til og frå skolefritidsordninga. Forslaget medfører ikkje behov for endringar i opplæringslova § 13-4.

Ansvaret for reisefølgje og tilsyn med grunnskoleelevar er etter gjeldande rett lagt til kommunen, jf. opplæringslova § 13-4 første ledd tredje punktum. Departementet foreslo at kommunen også skal vere ansvarleg for reisefølgje og tilsyn i samband med skyss til og frå skolefritidsordninga. For-

slaget medfører ikkje behov for endringar i opplæringslova § 13-4.

Privatskolelova inneheld ikkje krav om at private skolar skal ha skolefritidsordning. Private skolar kan likevel ha tilbod om ei skolefritidsordning knytt til skolen, jf. privatskolelova § 2-2 første ledd. Det blir ikkje gitt offentlege tilskot til private skolefritidsordningar, og skolepengar og offentlege tilskot etter privatskolelova kan ikkje nyttast til å finansiere ei slik ordning. Privatskolelova har ikkje føresegnar som regulerer ei eventuell skolefritidsordning ved private skolar, og opplæringslova § 13-7, som m.a. stiller krav om areal og vedtekter om bestemte forhold, gjeld ikkje for skolefritidsordningar ved private skolar.

Forslaget frå departementet inkluderer også å innføre rett til skyss for funksjonshemma, mellombels skadde eller sjuke elevar til og frå skolefritidsordningar som private skolar driv i tilknytning til skolen. Forslaget inneber at elevar i private grunnskolar får same rett til skyss til og frå skolefritidsordninga som elevar i offentlig grunnskoleopplæring. Retten vil likevel berre gjelde innanfor bustadkommunen, jf. ovanfor under pkt. 4.2. om gjeldande rett. Forslaget fører ikkje til endringar i ordlyden i privatskolelova, sidan privatskolelova § 3-7 viser til dei aktuelle føresegnene i opplæringslova.

4.4 Synspunkt frå høringsinstansane

67 høringsinstansar har uttalt seg om dette forslaget. Alle, bortsett frå éin, støttar forslaget om å endre opplæringslova § 7-3 slik at elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, får rett til skyss til og frå skolefritidsordning som kommunen har oppretta i samsvar med opplæringslova § 13-7. Alle som har uttalt seg om at endringa også skal gjelde for private skolar, støttar dette.

Dei som har uttalt seg eksplisitt om forslaget til endringar i opplæringslova § 7-4 om at elevar med rett til skyss til og frå skolefritidsordninga også skal ha rett til nødvendig reisefølgje og tilsyn når det blir ventetid, støttar forslaget.

Enkelte kommunar har allereie i dag ordning med skyss til og frå skolefritidsordninga.

Oslo kommune uttaler:

«Slik Oslo kommune forstår forslaget, vil elevene som omfattes av retten få rett til to transporter per dag, uavhengig av om transporten går til/fra skolens undervisningstimer eller om den går til/fra skolefritidsordningen. Dette er i tråd med allerede gjeldende praksis i grunnskolen i

Oslo. Oslo kommune støtter de foreslåtte endringene i opplæringsloven §§7-3 og 7-4.»

Fleire høringsinstansar uttaler at forslaget kan medverke til betre inkludering av funksjonshemma barn.

Statens råd for likestilling av funksjonshemma uttaler:

«Rådet støtter forslaget om skyss til og fra SFO. Dette vil gi elever med funksjonsnedsettelser en bedre mulighet til å bli inkludert i kameratfellesskapet på skolen.»

Norges Handikapforbund uttaler i den sammenheng:

«NHF har tidligere, og i mange sammenhenger reist problemstillinger om manglende rett til skyss for funksjonshemmede til og fra SFO. Funksjonshemmede blir her i mange tilfeller ekskludert fra en ordning som er av særlig stor betydning. SFO er en viktig sosial arena for funksjonshemmede. NHF er derfor meget positive til at retten i § 13-7 nå endres slik at et viktig hinder for deltakelse i skolefritidsordningen fjernes.»

Somme høringsinstansar peiker på at ein slik rett kan medføre at det blir vanskelegare å samordne skyssen.

Nord-Trøndelag fylkeskommune seier om dette:

«Det aller meste av skoleskyssen i Nord-Trøndelag er mulig å samordne. Dette er gjennomførbart når transporten utføres før og etter skoletid. Når transporten skal skje før og etter skolefritidsordningen vil samordningsmuligheten i de fleste tilfeller falle helt bort. Det er vanskelig å anslå merkostnadene ved dette, men totalt er kostnader knyttet til skyss av funksjonshemmede barn til og fra skolefritidsordning om lag 2,5 mill kr pr år.»

Høringsinstansane vart bedde om å komme med ei vurdering av ei eventuell innføring av skyssordning til og frå skolefritidsordninga i skoleferiane når skolefritidsordninga er open. Om lag 1/3 av høringsinstansane meiner at skyssordninga også burde omfatte skoleferiane. Fem høringsinstansar meiner at det ikkje bør givast ein slik rett i skoleferiane.

Klepp kommune uttaler:

«Plikten til å ha skolefritidsordning gjelder bare i skoleåret, men vi har også SFO tilbud i skoleferiene som de fleste med funksjonshemming benytter seg av. Dette gir avlastning til foresatte som ellers har en krevende hverdag. Derfor mener Klepp kommune at rett til skyss også bør omfatte SFO tilbudet i skolens ferier.»

Utdanningsforbundet uttaler:

«Utdanningsforbundet støtter departementets forslag om å innføre rett til skyss til og fra SFO for barn med funksjonshemming. Vi er enige i at skyssretten skal være tilsvarende den som gjelder for skyss til og fra skolen, men knyttet til åpningstidene i SFO. Det må innebære at retten til skyss også må gjelde eventuelle tilbud om SFO i skolens ferier.»

Statens råd for likestilling av funksjonshemma uttaler:

«Rådet støtter derimot ikke forslaget om å begrense retten til skyss slik at retten ikke gjelder i skolens ferier. Rådet mener gratis skyss må være en del av det totale SFO tilbudet. Tilbyr en kommune SFO i skolens ferier må de og fylkeskommunen også være pliktig til å gi skyss. Det vil si at dersom SFO har åpent i perioder der skolen har stengt (sommerferie, vinterferie etc.), må det også tilbys skyss i disse periodene. For å oppleve inkludering med elevfellesskapet må elever med funksjonsnedsettelser være tilstede på arenaer der deres klassekamerater er. Å bidra til at elever med funksjonsnedsettelser ikke deltar i relativt lange perioder sammen med sine venner fører ikke til inkludering. Rådet ber departementet om å fjerne annet ledd annet punktum i § 7-3 i lovforslaget.»

Likestillings- og diskrimineringsombudet meiner at retten til skyss til og frå skolefritidsordninga for elevar med nedsett funksjonsevne ikkje må avgrensaast slik det kjem fram i høringsnotatet, men at retten også skal gjelde i skoleferiane med bakgrunn i intensjonane i diskriminerings- og tilgjengelova om å byggje ned samfunnsskapte barrierar for funksjonshemma. *Likestillings- og diskrimineringsombudet* uttaler:

«Ombudet mener at skolefritidstilbud, utover den kommunale plikten, er et offentlig tilbud som må omfatte alle elever i aktuelle kommuner. Manglende tilrettelegging i form av skyss til og fra skolefritidsordningen i sommerferier, vil utestenge funksjonshemmede elever fra tilbud som gis andre elever. I henhold til diskriminerings- og tilgjengelighetslovens § 12 har kommunene plikt til individuell tilrettelegging, om det ikke innebærer en uforholdsmessig byrde. Ombudet mener at nødvendig skyss til og fra skolefritidsordninger i ferier må inngå i endringsforslagene til opplæringsloven og privatskoleloven, og bør dekkes på samme måte som foreslått for resten av kalenderåret.»

Instansane vart også inviterte til å uttale seg om dei økonomiske og administrative konsekvensane av ein slik rett. Fleire høringsinstansar uttaler at

det er vanskeleg å berekne dette, men at det er rekna med auka kostnader.

Oslo kommune uttaler:

«Departementet ber om høringsinstansenes syn på en eventuell innføring av rett til skyss til og fra skolefritidsordning også i skolens ferier. Innføring av en slik rett vil få betydelige økonomiske konsekvenser. Dette fordi Oslo kommune inngår avtaler med transportleverandører om kvalitet, pris og rutiner for fast transport på elevenes skoledager. Under skolens ferier vil behov og omfang imidlertid være redusert og mindre forutsigbart, noe som vil gjøre det vanskelig å få til gode avtaler med transportleverandørene.»

Nord-Trøndelag fylkeskommune uttaler:

«Når det gjelder økonomiske og administrative konsekvenser ved innføring av skyss i undervisningsfrie perioder, er det vanskelig å anslå merkostnadene til dette. Total merkostnad vil trolig beløp seg til mellom kr 500.000–1 mill. kroner årlig. Anslaget er forbundet med betydelig usikkerhet.»

Utdanningsdirektoratet stiller spørsmål ved om «behov» er eit eigna kriterium for å sikre realiseringa av intensjonane bak føreseigna og lik praksis i kommunar og fylkeskommunar. Direktoratet meiner det bør vurderast å nytte eit anna kriterium som angir meir presist i kva for situasjonar og under kva for omstende elevar har rett til skyss.

4.5 Vurderingar og forslag frå departementet

Av rapporten frå Rambøll Management går det fram at transport er ei utfordring både når det gjeld levering til og henting frå skolefritidsordninga. Rapporten peiker på at mangel på transport i mange tilfelle hindrar at skolefritidstilbodet blir nytta. Den økonomiske kostnaden ved heimtransport frå skolefritidsordninga utgjer ei årsak til at somme foreldre vel å ikkje ha barna i skolefritidsordninga. Fleire foreldre bruker også mykje tid på transport.

Forslaget frå departementet har fått brei tilslutnad i høringa, og det blir foreslått at opplæringslova § 7-3 blir endra slik at elevar som har behov for skyss på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom, har rett til skyss til og frå skolefritidsordning som kommunen har oppretta i samsvar med opplæringslova § 13-7. Endringa blir foreslått innteken i eit nytt andre ledd i opplæringslova § 7-3. Departementet viser til nærmare beskriving av forslaget ovanfor i pkt. 4.3.

Departementet foreslår vidare ei tilføyning i § 7-4

om reisefølgje og tilsyn, slik at elevar som har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga, også vil ha rett til nødvendig reisefølgje og til nødvendig tilsyn når det blir ventetid.

Departementet foreslår at ei tilsvarende endring skal gjelde for private skolar. Dette inneber likevel ingen endringar i ordlyden i føreseigna sidan den eksisterande tilvisinga til opplæringslova inneber at den foreslåtte skyssretten også vil gjelde for private skolar.

Utdanningsdirektoratet meiner at det bør vurderast å nytte eit anna, meir presist, kriterium enn «behov» for å angi i kva for situasjonar og under kva for omstende elevar har rett til skyss. Departementet har ikkje funne grunnlag for ei slik endring no. Nokon formålstenleg alternativ måte for å angi meir konkret i lovteksten kva som skal krevjast for at rett til skyss for funksjonshemma, mellombels skadde eller sjuke skal bli utløyst, er det vanskeleg å finne. Etter departementet si vurdering er det behov for ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, basert på ei behovsvurdering. Geir Helgeland har i kommentarar til opplæringslova (2. utg.) gitt moment til vurderinga av behov for skyss:

«Det kan etter min oppfatning ikkje kreves at det er umulig for eleven å ta seg fram til skolen på egne ben. Et slikt standpunkt ville støte mot hovedformålet bak skyssreglene, som er å sikre en lik rett til utdanning uavhengig av blant annet foreldreøkonomi og bosted. På den annen side må det kunne kreves at elevens funksjonshemming, skade eller sykdom gir en mer byrdefull skolevei enn den andre elever har.»

Når det gjeld eventuelle auka kostnader med forslaget, inviterte departementet høringsinstansane til å uttale seg. Somme meiner at forslaget om rett til skyss til og frå skolefritidsordninga ikkje vil gi auka kostnader, men dei fleste kommunar og fylkeskommunar meiner at forslaget vil gi auka kostnader. Svært få har uttalt seg om storleiken på auken, og høringsinstansane har heller ikkje gitt eit eintydig svar på korleis dette eventuelt kan kostnadsreknast.

På bakgrunn av høringsfråsegnene vil departementet fremje forslaget om rett til skyss for funksjonshemma i samsvar med høringsforslaget. Departementet legg opp til at kommunane og fylkeskommunane vil bli kompensert for meirkostnadene. Føreseigna vil bli sette i kraft seinast 1. januar 2011. Departementet vil komme tilbake til tidspunkt for iverksetjing og til finansering av tiltaket i ordinært budsjettframlegg for Stortinget.

Departementet viser til lovforslaget og merkna-dene i kapittel 12.

Departementet foreslo å ikkje lovfeste skyssrett

til og frå skolefritidsordninga i skoleferiane. Fleire instansar uttaler at dette bør lovfestast no, for å sikre barn med funksjonshemmingar eit godt og organisert fritidstilbod i skoleferiane. Departementet har merkt seg innspela frå høringsinstansane, og ser at det kan vere gode argument for ein slik rett. *Likestillings- og diskrimineringsombodet* meiner at ein slik rett må innførast for ikkje å stengje ute funksjonshemma elevar frå tilbod som andre elevar får. Departementet er samd i at ein slik rett ytterlegare ville medverke til å byggje ned samfunnsskapte barrierar for funksjonshemma. Departementet meiner likevel at forslaget om å tilby skyss til og frå skolefritidsordninga i skoleåret er det viktigaste for å gi dei funksjonshemma betre høve til inkludering enn i dag.

Likestillings- og diskrimineringsombodet viser vidare til lova om diskriminering og tilgjenge § 12 om plikt for skole og utdanningsinstitusjon til individu-

ell tilrettelegging av lærestad og undervisning. Departementet vil peike på at føresegna i § 12 regulerer ei plikt for skolane til individuell tilrettelegging innanfor det som er rimeleg – altså ei tilretteleggingsplikt etter konkret vurdering. Spørsmålet om å lovfeste ein generell rett for ei gruppe blir eit anna, og må etter departementet si vurdering avgjerast uavhengig av ei slik tilretteleggingsplikt.

Departementet vil også peike på at barn med lang skoleveg, særleg farleg eller vanskeleg skoleveg ikkje har rett til skyss til og frå skolefritidsordning i det heile. Høringa har vist at rett til skyss til og frå skolefritidsordninga for funksjonshemma i skoleferiane vil ha auka økonomiske konsekvensar. Sidan det ikkje ligg føre budsjettmessig dekning for å påleggje kommunane ei slik plikt i dag, kan departementet ikkje foreslå ei slik lovendring no. Men departementet vil ta innspela med seg og vurdere å komme tilbake til dette seinare.

5 Forslag i privatskolelova om å lovfeste plikt for private skolar til foreldresamarbeid

5.1 Bakgrunnen for lovforslaget

I mai 2008 behandla Stortinget eit lovforslag om å utvide mandatet til Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG). Forslaget innebar at mandatet også skulle omfatte det første året i vidaregåande opplæring. I Ot.prp. nr. 40 (2007–2008) framheva departementet at det ikkje såg noko behov for å presisere plikt til foreldresamarbeid i vidaregåande opplæring i ei eiga lovføresegn. Departementet meinte at det eksisterande regelverket, med ulike reglar om foreldresamarbeid, var tilstrekkeleg. Lovendringsforslaget om å utvide mandatet for FUG i opplæringslova vart vedteke som foreslått. Under stortingsbehandlinga gav komiteen likevel uttrykk for at han ønskte eigne reglar om plikt til foreldresamarbeid i vidaregåande opplæring. Det førte til dette oppmodingsvedtaket, innteke i Innst. O. nr. 51 (2008–2009) pkt. III B:

«Stortinget ber regjeringen snarest utarbeide forslag til bestemmelser som forplikter vidaregåande skole til foreldresamarbeid.»

Oppmodingsvedtaket vart forstått som ei oppmoding om nødvendige endringar i opplæringslova. Eit lovendringsforslag om foreldresamarbeid vart derfor sendt til høring hausten 2008. Forslaget vart vedteke av Stortinget i juni 2009. Føresegna, som forpliktar kommunar og fylkeskommunar til foreldresamarbeid, er innteken som § 13-3d i opplæringslova. Føresegna gjeld grunnskolar og vidaregåande opplæring og tredde i kraft 1. august 2009. I høringa peikte somme høringsinstansar på at ei tilsvarende plikt til foreldresamarbeid bør innførast også for private skolar.

5.2 Gjeldande rett

Opplæringslova § 13-3d lyder:

«§ 13-3d Plikt for kommunen og fylkeskommunen til foreldresamarbeid

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for samarbeid med foreldre, høvesvis i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale

tilhøve. Departementet gir nærmare forskrifter.»

Privatskolelova har inga slik uttrykkeleg føresegn om foreldresamarbeid. Men ho har enkelte føresegnar som føreset samarbeid mellom heim og skole. I formålsføresegna, i § 1-1 siste ledd, heiter det m.a.: *Det skal leggjast vekt på å skape godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar og mellom skole og heim.* Formålsføresegna i lova gjeld både grunnskolar og vidaregåande opplæring.

Når det gjeld grunnskolane, er det reglar i § 5-3 om elevråd og § 5-4 om foreldreråd. Foreldrerådet består av alle foreldra til elevane ved skolen.

I § 3-9 i forskrifta til privatskolelova, *Kontakt med heimen i grunnskolen*, heiter det m.a. at skolen skal halde god kontakt med foreldra eller dei føresette. Denne føresegna er også avgrensa til å gjelde grunnskolar.

5.3 Høringa

5.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Departementet foreslo å innføre ei ny føresegn i kap. 7 i privatskolelova som lovfester plikt for skolen til å sørgje for foreldresamarbeid. Det vart også foreslått at det måtte takast omsyn til lokale forhold i organiseringa av dette samarbeidet. Det vart foreslått ein forskriftsheimel, slik at foreldresamarbeidet kunne regulerast nærmare i forskrift.

5.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

31 av 49 høringsinstansar har ikkje kommentarar til forslaget.

Åtte høringsinstansar støttar forslaget utan nærmare grunngiving. Desse er *Fylkesmennene i Hordaland, Vestfold og Hedmark, Skien kommune, Universitetet i Agder, Høgskolen i Oslo, Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) og ADHD Norge.*

Ni høringsinstansar støttar forslaget med atterhald eller nærmare kommentarar. Desse er *Drammen kommune, Barneombudet, Utdanningsforbun-*

det, Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG), Norsk skoleleiarforbund, Skolenes landsforbund, LO, Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkninga og myndighetene (KIM) og Kristne friskolers forbund (KFF). Kommentaraane går i det vesentlege ut på at det her synest naturleg med likebehandling av offentlege og private skolar, og at plikta må gjelde både grunnskolar og vidaregåande opplæring. Utdanningsforbundet peiker i høringsfråsegna på at den sistnemnde ikkje berre må gå fram av kommentaraane til lova, men av sjølve lovteksten.

Eit par høringsinstansar peiker på at det er viktig at lovteksten inneheld ein forskriftsheimel, sidan lova elles er svært generelt formulert.

KFF understrekar at foreldresamarbeidet ved private skolar er noko annleis enn ved dei offentlege skolane. Frå høringsfråsegna er det her sitert:

«Privatskolar har mye av sin basis i foreldrenes rett til og ansvar for å velge oppdragelse og undervisning for sine barn, det vil derfor være både nødvendig og naturlig med et tett foreldresamarbeid.

Samtidig vil vi bemerke at privatskoleloven sier at grunnskolenes styre skal ha en foreldrerepresentant med uttalerett, forslagsrett og rett til å få ført sin mening i protokollen. Foreldresamarbeidet vil derfor kunne arte seg noe annerledes på de private grunnskolene enn i de offentlige, hvor denne ordningen ikke er lovfestet. Dette burde vært bemerket i lovforarbeidet.»

Ein høringsinstans, *Høgskolen i Bergen*, er imot forslaget. I høringsfråsegna heiter det:

«I høringsnotatet er det foreslått å lovfeste plikt til foreldresamarbeid i privatskoleloven. Slik gjeldende lov er, kan skolen vanskelig komme utenom samarbeid med foreldre. Plikten om samarbeid ligger implisitt i regelverket. Å bruke ord som «plikt» gir et dårlig signal til samarbeidspartnerne, spesielt når forventninger til samarbeidet kan formuleres på en adskillig bedre måte, slik som gjeldende lov er formulert. Høgskolen er imot endringsforslaget.»

5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Generelt og uavhengig av høringa meiner departementet at ei tilsvarende plikt til foreldresamarbeid bør gjelde for dei private skolane som for dei offentlege. Nært samarbeid mellom skole og foreldre er

sett på som verdifullt og nødvendig for å skape godt grunnlag for læring. Det gjeld i heile grunnopplæringa, men først og fremst i grunnskolen og det første året i vidaregåande opplæring. Når det gjeld overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring spesielt, er denne krevjande for mange elevar på grunn av at det skal takast vanskelege og viktige val. Det har da mykje å seie at foreldra opptrer som gode rådgivarar for barna sine. Det er formålstenleg å sjå samarbeidet mellom skole og heim i grunnopplæringa i samanheng, ikkje minst som verkemiddel for å få redusert det store fråfallet i vidaregåande opplæring.

Departementet meiner derfor at det er formålstenleg med ei føresegn som forpliktar private skoleleigarar til foreldresamarbeid. Plikta bør gjelde for både grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

I høringa peiker Utdanningsforbundet på at det må gå fram av lovteksten at plikta skal gjelde for både grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Dette går uttrykkeleg fram av den tilsvarende føresegna i opplæringslova. Departementet er samd med Utdanningsforbundet og vil ta omsyn til dette ved utforminga av det endelege forslaget til lovtekst. Departementet er vidare samd med dei høringsinstansane som hevdar at lovteksten er svært generell, og at dette gjer ein forskriftsheimel nødvendig. Departementet tek sikte på å utarbeide utfyllande forskrifter som kan tre i kraft på same tidspunkt som den foreslåtte lovføresegna. Departementet har forståing for kommentaraane frå Høgskolen i Bergen om at samarbeidsplikta allereie går fram av regelverket. Men det synest samtidig klargjerande å slå denne plikta fast i ei uttrykkeleg lovføresegn. Dette gjeld ikkje minst fordi det allereie er gjort i opplæringslova.

På bakgrunn av det ovannemnde og den breie tilslutninga forslaget har fått i høringa, vil departementet fremje forslaget i privatskolelova om å innføre plikt for skolen til foreldresamarbeid. I lovteksten vil det bli presisert at plikta gjeld både grunnskole og vidaregåande opplæring. Forskriftsheimelen i lovforslaget vil bli halden ved lag.

Departementet viser elles til lovforslaget § 7-1 d og merknadene i kapittel 12.

6 Forslag om å endre opplæringslova § 9-4 om lærebøker og andre læremiddel (språknorm)

6.1 Bakgrunnen for lovforslaget

I St.meld. nr. 35 (2007-2008), *Mål og mening, Ein heilskapeleg norsk språkpolitikk*, framlagd av Kultur- og kyrkjedepartementet og godkjend i statsråd 27. juni 2008, er m.a. retts- og kunnskapsgrunnlaget for rettskrivinga, f.eks. i lærebøker til bruk i skolen, omtalt. I meldinga står det om dette:

«For norske lærebøker som blir brukte i skulen, er det no fastsett i opplæringslova, som blir forvalta av Kunnskapsdepartementet, at rettskrivinga skal vera i samsvar med læreboknormalen.

Denne føresegna kom inn i lova med verknad frå 1. august 2000 [...]

Med lovføresegna frå 2000 kjem sjølve det rettslege grunnlaget for å stilla krav til ei bestemt rettskriving i lærebøkene tydelegare og meir direkte fram. Det er presisert i proposisjonen at den nye føresegna rettar seg direkte til skulane som brukarar av lærebøker og indirekte til forlaga som lærebokprodusentar, jf. Ot.prp. nr. 44 (1999–2000). Vidare vart det uttrykkeleg sagt same stad at bøker som ikkje følgjer læreboknormalen, ikkje kan nyttast som lærebøker, og det vart streka under at forlaga difor heller ikkje ville få selt lærebøker til skulane med mindre dei var i samsvar med læreboknormalen.

På grunn av ei mistyding er det i lovføresegna frå 2000 feilaktig teke med eit tillegg som definerer læreboknormalen som «fastsett i forskrifter med heimel i lov 11. april 1980 om målbruk i offentleg teneste» (mållova). Men som nemnt fleire gonger er verken læreboknormalen eller den vidare rettskrivinga regulert med heimel i lov, og såleis heller ikkje med heimel i den nemnde mållova. Utforminga av den aktuelle lovføresegna er såleis noko misvisande, jamvel om feilen neppe har noko å seia i praksis.

Departementet vil likevel ved første høve sjå til at denne feilaktige tilvisinga i opplæringslova blir retta. Då vil vi også sjå på om ordlyden bør justerast slik at ein for bokmål ikkje lenger viser til læreboknormalen, men i staden til gjeldande offisielle rettskriving. For nynorsk derimot er det framleis læreboknormalen det må visast til.»

I oppsummeringa av prioriterte tiltak heiter det om dette i meldinga:»Departementet vil ta

initiativ til å få endra ei misvisande føresegn i opplæringslova om rettsgrunnlaget for rettskrivinga.»

Det er altså i den nemnde stortingsmeldinga gjort gjeldande at det i opplæringslova § 9-4 er ei misvisande tilvising til lov om målbruk i offentleg teneste, og at tilvisinga bør rettast. Stortingsmeldinga viser også til andre forhold av meir teknisk karakter i same lovføresegn, som bør endrast.

Kunnskapsdepartementet meiner at ikkje berre rettskrivinga i lærebøker og andre læremiddel på bokmål og nynorsk må omtalast, men også dei som er på samisk.

For å sikre at rettskrivinga blir teken vare på også i læremiddel som blir digitaliserte, foreslår departementet å utvide rekkjevidda av § 9-4 andre ledd til å gjelde både digitale læremiddel, digitale lærebøker og læringsplattformer.

6.2 Gjeldande rett

Opplæringslova § 9-4 lyder:

«§ 9-4 Lærebøker og andre læremiddel

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

Norske lærebøker som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med læreboknormalen slik denne er fastsett i forskrifter med heimel i lov 11. april 1980 nr. 8 om målbruk i offentleg teneste. Med lærebøker er her meint alle trykte læremiddel som elevane regelmessig bruker for å nå vesentlege delar av kompetansemåla i eit fag.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.

Ordlistar til skolebruk skal godkjennast av Norsk språkråd.

Departementet gir nærmare forskrifter om kva læremiddel som er omfatta av kravet i første leddet.»

Andre ledd i føresegna, jf. også pkt. 6.1 ovanfor, inneheld ei misvisande tilvising i første punktum.

Norsk rettskriving, under dette læreboknormalen, er ikkje regulert med heimel i lov om målbruk i offentleg teneste eller anna lovgiving. For bokmål er dessutan situasjonen den at læreboknormalen fall bort ved rettskrivingsreforma av 1. juli 2005. I bokmål må derfor den vanlege rettskrivinga gjerast gjeldande også i lærebøker. Opplæringslova § 9-4 andre ledd gir altså ikkje eit korrekt uttrykk for det som er gjeldande rett på området. I motsetning til første ledd i føresegna gjeld andre ledd berre lærebøker, dvs. trykte læremiddel som elevane bruker regelmessig for å nå vesentlege delar av kompetansemåla for fag.

Norsk Språkråd vart omorganisert med verknad frå 1. januar 2005. Namnet på den nye institusjonen er Språkrådet. Fjerde ledd i føresegna er ikkje i samsvar med denne namneendringa. Dessutan er ein del av ordlistene til skolebruk i dag kalla ordbøker. På dette punktet er fjerde ledd unøyaktig.

6.3 Høringa

6.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Departementet foreslo å endre opplæringslova § 9-4 andre ledd om at norske lærebøker skal vere i samsvar med offisiell rettskriving, slik at den feilaktige referansen til lov om målbruk i offentleg teneste går ut. Ordlyden må også spegle av at ein særskild læreboknormal berre gjeld nynorsk. Det vart foreslått at samiske lærebøker skal følgje samiske rettskrivingsreglar. Vidare vart det foreslått at føresegna blir brukt tilsvarende for digitale læremiddel.

Departementet foreslo også å endre fjerde ledd i føresegna slik at det her går fram at både ordlister og ordbøker til skolebruk skal godkjennast av Språkrådet.

6.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Av 48 høringsinstansar har 31 ingen kommentarar til forslaget.

13 høringsinstansar støttar forslaget utan nærmare grunngiving. Desse er *Fylkesmennene i Hordaland, Hedmark og Vestfold, Skien kommune, Barneombudet, FUG, Norsk skolelederforbund, Skolenes landsforbund, Universitetet i Agder, Høgskolane i Oslo og i Bergen, NAFO og ADHD Norge*.

Fire høringsinstansar støttar forslaget med atterhald eller nærmare kommentarar. Desse er *Kulturdepartementet (KUD), Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD), Meråker kommune og Utdanningsforbundet*.

KUD har nokre innspel til det foreslåtte tilleggget om samiske læremiddel og grunngir dette slik:

«Vi er derimot i tvil når det gjelder den nye bestemmelsen som er foreslått tatt inn i annet ledd om at samiske lærebøker skal være i samsvar med gjeldende rettskrivningsnormer. Hele paragrafen for øvrig omhandler norskspråklige lærebøker, og den foreslåtte bestemmelsen om samiske utgaver synes ikke uten videre å passe inn i den sammenhengen den er satt.

Hovedproblemet er imidlertid at uttrykket «gjeldende rettskrivningsnormer» krever en nærmere forklaring. Dette reiser bl.a. spørsmålet om det i dette ligger noe annet enn i uttrykket «offisiell rettskriving», som er det som ellers er brukt i paragrafen. Dette krever i det minste en forklaring i særmerknadene.

Dersom en henvisning til samisk rettskriving eller samiske rettskrivningsnormer skal inn i loven, kreves det også – etter vår oppfatning – at man i særmerknadene klargjør myndighetsforholdene når det gjelder formell godkjenning av samisk rettskriving.»

I tillegg har KUD nokre kommentarar av meir språkleg og redigeringsmessig karakter.

FAD seier i høringsfråsegna:

«Med forslag til § 9-4 og foreslåtte endringer er kravene til norske lærebøker regulert. Tilsvarende gjelder ikke for samiske og kvenske lærebøker. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil påpeke at en slik strukturell ulikebehandling kan medføre dårligere kvalitet i lærebøker på disse språkene. Vi vil på denne bakgrunn anmode KD om å vurdere å innføre tilsvarende bestemmelser for lærebøker på samisk og kvensk.

I forslaget til lovendring av § 9-4, 2. ledd er det foreslått følgende:

I andre fag enn norsk kan det bare brukes lærebøker og andre læremiddel som foreligger på bokmål og nynorsk til samme tid og samme pris. I særlige tilfeller kan departementet gjøre unntak fra denne regelen.

Denne bestemmelsen kan forstås slik at også samiske og kvenske lærebøker kommer inn under denne bestemmelsen. Vi vil derfor anmode om at det må gå klart fram at lærebøker i samiske språk og i kvensk er unntatt fra denne bestemmelsen.

Videre er det i 9-4, 4. ledd foreslått Ordlister og ordbøker til skolebruk skal godkjennes av Språkrådet.

Vi vil understreke at Språkrådet per i dag ikke har kompetanse til å godkjenne ordlister og ordbøker til skolebruk på de samiske språkene eller på kvensk. Det bør derfor komme klart fram at disse språkene er unntatt fra denne bestemmelsen.»

Utdanningsforbundet meiner at det må takast inn ein definisjon av digitale læremiddel i lovteksten, all den stund ein slik definisjon finst i lovteksten for lærebøker.

Ingen høringsinstansar er imot forslaget.

6.4 Vurderingar og forslag frå departementet

I den ovannemnde stortingsmeldinga har Kulturdepartementet bedt Kunnskapsdepartementet endre opplæringslova § 9-4 andre ledd første punktum pga. den misvisande tilvisinga. Endringa er av reint teknisk karakter. Sidan det ikkje lenger finst nokon læreboknormal for bokmål, berre for nynorsk, må føresegna spegle av denne forskjellen. I tillegg ber Kulturdepartementet om at eit par tekniske endringar blir gjorde i fjerde ledd, jf. stortingsmeldinga og pkt. 6.2 ovanfor. Det gjeld namnet Språkrådet og at somme ordlister til skolebruk er kalla ordbøker.

Kunnskapsdepartementet sluttar seg til oppmodinga frå Kulturdepartementet om endringar på desse punkta i opplæringslova § 9-4. Desse forslaga til endringar har også fått full tilslutning i høringa.

I tillegg vurderer Kunnskapsdepartementet det slik at rettskrivingskrava for lærebøker bør gjelde tilsvarende for digitale læremiddel. Dette vil innebære ei endring av innhaldet i føresegna og ei utviding av bruksområdet for § 9-4 andre ledd. Departementet legg til grunn at dette er i samsvar med dagens praksis på området. Ein høringsinstans, *Utdanningsforbundet*, meiner at det bør takast inn ein definisjon i lova av kva som er meint med digitale læremiddel. Dette er grunnlagt med at det er ein definisjon i lova i dag av kva som er meint med lærebøker. Departementet finn ikkje nokon grunn til å ta inn ein slik legaldefinisjon. Departementet vil nemne at det er i gang eit forskriftsarbeid om kap. 17 i forskrifta til opplæringslova om språklege parallellutgåver, der digitale læremiddel også vil bli omtalte. Departementet viser dessutan til merknadene i kap. 12, der det m.a. blir sagt at det her dreier seg om digitale læremiddel produserte til bruk i opplæringa i skolen.

I høringsnotatet har Kunnskapsdepartementet vidare foreslått å ta inn ei føresegn om at samiske utgåver av lærebøker og læremiddel skal vere i samsvar med gjeldande rettskrivingsnormer. Forslaget vart fremja for at lærebøker og læremiddel på samisk skulle få tilsvarende lovregulering som lærebøker og læremiddel på bokmål og nynorsk.

I høringa meiner *KUD* at det må klargjerast i særmerknadene kva som ligg i omgrepet *gjeldande rettskrivingsnormer*, dersom dette skal bety noko

anna enn *offisiell rettskriving*. *FAD* på si side ønskjer reint generelt at det skal takast inn ei særskild regulering av lærebøker og læremiddel på samisk og kvensk i opplæringslova. Samtidig ønskjer *FAD* at det skal gå klart fram at § 9-4 første og fjerde ledd ikkje skal gjelde for lærebøker i samiske språk og i kvensk. Ei slik uttrykkeleg presisering må etter *FADs* syn gjerast for å unngå tvil om rekkjevidda av § 9-4.

På bakgrunn av desse innspela i høringa, og dessutan av dialog mellom departementa, vil departementet ta inn dei nødvendige presiseringane i lovteksten og merknadene for å klargjere rekkjevidda av føresegna.

I lovteksten er det no foreslått at det blir uttrykkeleg sagt at både norske og samiske lærebøker og læremiddel skal vere i samsvar med offisiell rettskriving. Kva som er «offisiell rettskriving», er nærmare omtalt i kapittel 12 om merknader til føresegna. Også samiske ordbøker og ordlister som blir brukte i skolen som læremiddel, vil vere omfatta av dette kravet. For ordbøker og ordlister på bokmål og nynorsk er det ei særskild godkjenningsordning etter fjerde ledd.

Vidare blir det foreslått eit nytt siste ledd der det blir presisert at første og fjerde ledd ikkje gjeld for samiske læremiddel. Dette er gjort for at det ikkje skal vere uvisse om bruksområda for føresegne. Eit krav om parallellutgåve for samiske læremiddel vil gjere det meir kostbart og praktisk vanskelegare å utarbeide samiske læremiddel. Dette verkar som eit unødvendig krav, fordi det i praksis viser seg vanskeleg å få utarbeidd og produsert samiske læremiddel. Det er rekna med at forslaget er i samsvar med dagens praksis. Det kan også visast til unntaka i forskrifta til opplæringslova kap. 17.

Departementet finn ikkje grunn til å ta med noka tilsvarende føresegn for kvensk som *FAD* har foreslått. Kvensk er ikkje omtalt i føresegna elles og er i opplæringslova § 2-7 omtalt som «finskopplæring for elever med kvensk-finsk bakgrunn». Kravet om parallellutgåver etter første ledd vil i alle høve ikkje gjelde for slike læremiddel, fordi årskulla er så små at dei etter forskrifta kap. 17 vil vere unatekne. Når det gjeld fjerde ledd om godkjenning av ordlister og ordbøker, vil den berre gjelde der det eksisterer ei godkjenningsordning for ordlister og ordbøker. Det er ikkje tilfellet når det gjeld kvensk.

Sametinget har ikkje gitt høringsfråsegn i saka. Departementet har lagt utkast til lovendring og proposisjonstekst fram for *Sametinget*. *Sametinget* har komme med innspel og støttar forslaget slik det her ligg føre.

På bakgrunn av det ovannemnde og tilslutninga

som forslaget har fått i høringa vil departementet halde oppe forslaget som vart sendt til høring, men med dei forslaga til endringar som er omtalte ovanfor.

Departementet viser elles til lovforslaget og merknadene i kapittel 12.

7 Forslag om å endre føresegna om utlysing av stilling ved tilsetjing av deltidstilsett med fortrinnsrett

7.1 Bakgrunnen for lovforslaget

Opplæringslova § 10-4 har føresegner om utlysing av stillingar (undervisningsstillingar og rektorstillingar) i grunnskolen og i den vidaregåande skolen. Ifølgje opplæringslova § 10-4 gjeld kravet om utlysing ikkje når arbeidsgivaren skal tilby stillinga til arbeidstakarar med fortrinnsrett i samband med oppseiing pga. tilhøve ved verksemda, jf. arbeidsmiljølova § 14-2 og § 15-7. Tilsvarende unntak frå utlysingsplikta ligg ikkje føre når arbeidsgivaren skal tilby stillinga til deltidstilsett arbeidstakar som har fortrinnsrett etter arbeidsmiljølova § 14-3.

Føresegna om fortrinnsrett for deltidstilsette vart innført i arbeidsmiljølova § 14-3 01.01.2006. I forarbeida til denne endringa, Ot.prp. nr. 49 (2004–05), vart det ikkje sagt noko om betydninga av denne føresegna for opplæringslova. Opplæringslova § 10-4 vart oppdatert når det gjeld rett paraграфtilvising der det allereie var tilvisingar til arbeidsmiljølova. Ny tilvising til § 14-3 i arbeidsmiljølova vart da ikkje teken med.

Kunnskapsdepartementet er gjort merksamst på behovet for å oppdatere føresegna slik at eit unntak frå utlysingsplikta når arbeidsgivaren ønskjer å tilby stillinga til deltidstilsette med fortrinnsrett etter arbeidsmiljølova § 14-3, blir lovfest i opplæringslova.

7.2 Gjeldande rett

I § 10-4 i opplæringslova heiter det:

«Undervisningsstillingar og rektorstillingar skal lysast ut offentleg. Kravet om slik utlysing gjeld ikkje for stillingar som er ledige for eit kortare tidsrom enn seks månader, eller når arbeidsgivaren skal tilby stillinga til ein arbeidstakar eller tidlegare arbeidstakar i verksemda med heimel i arbeidsmiljøloven §§ 14-2 om føre-rett til ny tilsetjing og 15-7 om oppseiingsvern.»

I denne føresegna er det stilt krav om offentleg utlysing av undervisningsstillingar og rektorstillingar i grunnskolen og i den vidaregåande skolen. Paragrafen gjer unntak frå kravet om utlysing av stillingar der tilsetjing skal skje med heimel i ar-

beidsmiljølova § 14-2 og § 15-7. Opplæringslova inneheld i dag ikkje tilsvarende tilvising til § 14-3 i arbeidsmiljølova (fortrinnsrett for deltidstilsette).

Dette inneber at slik opplæringslova lyder i dag, må kommunen/fylkeskommunen lyse ut ledige stillingar også der arbeidsgivaren skal tilby stillinga til deltidstilsette som har fortrinnsrett etter arbeidsmiljølova. Hovudregelen om utlysing i opplæringslova § 10-4 gjeld i desse situasjonane.

7.3 Høringa

7.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Departementet foreslo å endre § 10-4 i opplæringslova slik at ho inneheld ei tilvising også til § 14-3 i arbeidsmiljølova. Dette inneber at det blir eit unntak frå hovudregelen om utlysing av stillingar der arbeidsgivaren skal tilby stillinga til deltidstilsette i verksemda som fyller vilkåra og dermed har fortrinnsrett etter arbeidsmiljølova § 14-3.

Departementet peikte på at offentleg utlysing skal medverke til å sikre flest mogleg kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar. Men å krevje utlysing av stillingar som arbeidsgivaren skal tilby deltidstilsette med fortrinnsrett synest å vere ein unødvendig prosess. Om allereie deltidstilsette fyller vilkåra for fortrinnsrett, under dette kompetansekrava, vil det vere arbeidsgivaren (kommunen/fylkeskommunen) som tek stilling til dette, jf. arbeidsmiljølova § 14-3 punkt 2, der det heiter:

«Fortrinnsretten er betinget av at arbeidstaker er kvalifisert for stillingen og at utøvelse av fortrinnsretten ikke vil innebære vesentlige ulemper for virksomheten.»

Departementet viste til at dersom vilkåra er oppfylte og arbeidsgivaren skal tilby stillinga til den deltidstilsette, vil det ikkje vere mogleg å få stillinga for andre søkjarar, og utlysing er såleis unødvendig for både arbeidsgivaren og potensielle søkjarar.

7.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Det er komme inn til saman 50 høringsfråsegner om endringsforslaget, og 46 fråsegner støttar forslaget eller har ingen merknader, dei resterande 4 støttar forslaget, men har desse merknadene:

Utdanningsforbundet meiner at § 10-4 i opplæringslova bør vise særskilt til kravet i arbeidsmiljølova § 14-3 pkt. 2 om at fortrinnsretten er på vilkår av at arbeidstakaren er kvalifisert for stillinga.

LO og Skolenes landsforbund ønskjer presisering av at forslaget til lovendring ikkje skal redusere innsyn og medverknad for dei tillitsvalde i tilsetjingssaker, og peiker på betydninga av at lover og reglar blir følgde i slike saker.

Faglig råd for restaurant- og matfag meiner at ei slik endring av opplæringslova bør behandlast av partane før unntaket frå utlysing blir lov- eller avtalefesta.

7.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Frå høringsinstansane kjem det ei eintydig støtte til forslaget frå departementet. Departementet meiner såleis at eit forslag i samsvar med høringa og med same grunngeving bør fremjast. Å halde oppe eit

krav om utlysing av stillingar der ein tilsett har fortrinnsrett som deltidstilsett etter § 14-3 i arbeidsmiljølova, er etter departementet si vurdering lite formålstenleg. Om allereie deltidstilsette fyller vilkåra for fortrinnsrett, under dette kompetansekrava, vil det vere arbeidsgivaren (kommunen/fylkeskommunen) som tek stilling til, jf. arbeidsmiljølova § 14-3 pkt. 2, der det heiter:

«Fortrinnsretten er betinget av at arbeidstaker er kvalifisert for stillingen og at utøvelse av fortrinnsretten ikke vil innebære vesentlige ulemper for virksomheten.»

Departementet viser til at dersom vilkåra er oppfylte og arbeidsgivaren skal tilby stillinga til den deltidstilsette, vil det ikkje vere mogleg å få stillinga for andre søkjarar. Utlysing er såleis unødvendig for både arbeidsgivaren og potensielle søkjarar.

Når det gjeld retten til innsyn og medverknad for tillitsvalde i tilsetjingssaker, er det ikkje noko i sjølve forslaget til lovendring som endrar på denne.

Departementet fremjar etter dette forslag til endringar i § 10-4 i opplæringslova.

Departementet viser elles til lovforslaget og merknadene i kapittel 12.

8 Forslag om å endre nemninga kompetanse på lågare nivå til grunnkompetanse

8.1 Bakgrunnen for lovforslaget

Som eit ledd i arbeidet med å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring er det nødvendig å tilby fleksible ordningar til dei som av ulike grunnar ikkje elles ville kunne fullføre slik opplæring. Det er viktig å sørge for at opplæring som ikkje fører fram til full yrkeskompetanse eller studiekompetanse, likevel gir den enkelte ein formell sluttkompetanse, samtidig som denne også skal kunne danne grunnlag for vidare påbygging til yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Denne kompetansen er i opplæringslova kalla *kompetanse på lågare nivå*.

I januar 2006 sette departementet ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere konkrete tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Arbeidsgruppa var breitt samansett, med representantar frå partane i arbeidslivet, lærar- og elevorganisasjonane, Sametinget, forskingssektoren og vedkommande statlege faginstansar. Gruppa la fram sine forslag i ein rapport (GIVO-rapporten) i august 2006. Eitt av forslaga var å endre nemninga *kompetanse på lågare nivå* i opplæringslova til *grunnkompetanse*, for å gjere slik kompetanse meir attraktiv som mål for opplæringa.

I St.meld. nr. 16 (2006–2007) ... og ingen sto igjen varsla departementet at forslaget ville bli følgt opp. Behovet for ei slik omgrepsendring kom også fram i høringsfråsegner til NOU 2008:18 *Fagopplæring for framtida*, og i St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* vart det igjen understreka at det ville bli utarbeidd eit konkret forslag om å endre omgrepet til *grunnkompetanse*.

8.2 Gjeldande rett

Etter § 3-3 første ledd i opplæringslova skal den vidaregåande opplæringa føre fram til anten studiekompetanse, yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå. Eleven skal såleis anten få det generelle faglege grunnlaget for å søkje opptak til universitet og høgskolar (studiekompetanse), eller bli utdanna til å utøve eit yrke (yrkeskompetanse). Som eit tredje alternativ kan vidaregåande opplæring

føre fram til det som i lova har nemninga *kompetanse på lågare nivå*.

Kompetanse på lågare nivå er ei fellesnemning for kompetanse som ikkje utgjer full studie- eller yrkeskompetanse. Nemninga er med andre ord ikkje avgrensa til å gjelde bestemte fag, ei bestemt opplæringsstid eller bestemte læreplanmål. Som dokumentasjon på kompetanse på lågare nivå blir det skrive ut eit kompetansebevis, ikkje vitnemål eller fag- og sveinebrev.

8.3 Høringa

8.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget frå departementet vart det foreslått å erstatte omgrepet *kompetanse på lågare nivå* i opplæringslova § 3-3 første ledd med omgrepet *grunnkompetanse*.

Departementet meinte at det særleg er to om-syn som lovformuleringa i dag ikkje varetek i til-strekkeleg grad, og som vil vere betre tekne vare på ved at dagens nemning blir erstatta med nem-ninga *grunnkompetanse*. For det første er det viktig at lova synleggjer at dette er ein formell sluttkompetanse som kan vere eit reelt utgangspunkt for overgang til arbeidslivet etter vidaregåande opplæring. For det andre er det ønskeleg at lova klart uttrykkjer at den opplæringa som fører fram til slik kompetanse, er ein del av opplæringsordninga for vidaregåande opplæring og kan danne grunnlag for vidare påbygging til både studiekompetanse og yrkeskompetanse.

Departementet meinte også at dagens nemning *kompetanse på lågare nivå* til dels har ein negativ valør som ein bør unngå, sidan ho kan verke stigmatiserende ved søking til arbeidslivet.

8.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Dei fleste av høringsinstansane som har uttalt seg om dette, støttar forslaget om å erstatte dagens omgrep med omgrepet *grunnkompetanse*. Til saman har 22 instansar komme med merknader.

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) uttaler m.a.:

«FUG støtter dette forslaget om endring til grunnkompetanse. Vi tror at dette vil være med på å hindre stigmatisering av elever og på den måten også være med og hindre frafall i videregående. Det er viktig at alle elever føler seg verdsatt og er likeverdige. Ved å erstatte «kompetanse på lågare nivå» med «grunnkompetanse», tror vi og at elever/foresatte føler at de fullfører en formell sluttkompetanse, og kan ta steget videre uten å måtte føle seg mindre verdt.»

Utdanningsforbundet støtter også forslaget og uttaler:

«Det er viktig at lova synliggjør at denne kompetansen er en formell sluttkompetanse som er et reelt grunnlag for overgang til arbeidslivet etter videregående opplæring. Endringen uttrykker klart at ordningen med kompetansebevis er en del av videregående opplæring. Betegnelsen «grunnkompetanse» uttrykker også at det er mulig med en seinere påbygging til både studiekompetanse og yrkeskompetanse. Det er mange med kompetansebevis som benytter denne muligheten etter at videregående opplæring er fullført første gang.»

Fylkesopplæringssjefen i Oppland opplyser m.a. at bedrifter i fylket har

«etterspurt kandidater med kompetanse på lavere nivå. De ønsker å ansette arbeidskraft som kan gjøre oppgaver der det ikke er nødvendig med fag-/svennebrev. Det kan tenkes at det blir enklere å formidle kandidater med den formelle sluttkompetansen grunnkompetanse enn de med kompetanse på lavere nivå.»

Akershus fylkeskommune støtter forslaget, men uttaler også at

«det er behov for å presisere meningsinnholdet, og at begrepsendringen i seg selv ikke gjør det tydeligere at dette er en formell sluttkompetanse som danner utgangspunkt for påbygging til studiekompetanse og yrkeskompetanse.»

Skolenes landsforbund (SL) har følgende merknad:

«Helt siden innføringen av reform 94 har det vært til diskusjon hvilken betegnelse som bør brukes i forhold til elever og lærlinger (lærkandidater) som ikke kan oppnå full studie- eller yrkeskompetanse. Når det nå foreslås å ta inn begrepet grunnkompetanse i loven, er SL av den oppfatning at dette heller ikke er helt optimalt. Men ut fra erkjennelsen av at det mangler bedre alternativer vil vi støtte departementets forslag.

Skolenes landsforbund har en merknad til framstillingen i høringsnotatet:

I beskrivelsen av gjeldende rett heter det: «... Som et tredje alternativ kan eleven avslutte tidligere og få et kompetansebevis som en dokumenterer kompetanse på et lavere nivå.»

Vi oppfatter at forslaget om å erstatte dagens «kompetanse på et lavere nivå» med «grunnkompetanse», har en dobbelt hensikt: Slik forbundet forstår det vil grunnkompetansebegrepet dekke både opplæring innenfor full opplæringstid (med planlagte, reduserte mål) og kortere, mer praksisbasert opplæring i de pågående praksisbrevforsøkene.

Slik departementet ordlegger seg, kan det se ut som om det legges til grunn at alle som har en planlagt vei til grunnkompetanse forutsettes å få et (i tid) avkortet opplæringsløp.

Departementet må klargjøre dette nærmere. Dersom det viser seg at intensjonen er slik, vil Skolenes landsforbund ta sterk avstand fra at lovendringsforslaget skal få slike konsekvenser.»

To høringsinstansar støtter ikkje forslaget om omgrepsendring.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har denne fråsegna:

«Fylkesmannen i Sør-Trøndelag mener det nåværende begrepet «kompetanse på lavere nivå» er mer velegnet enn begrepet «grunnkompetanse».

Selve begrepet «grunnkompetanse» kan gi et feilaktig inntrykk av at elevene først må oppnå en slik kompetanse før man kan gå videre på veien til enten studiekompetanse eller yrkeskompetanse. Fylkesmannen er av den oppfatning at begrepet «kompetanse på lavere nivå», i større grad belyser det faktum at eleven ikke har fullført den videregående opplæringen enn hva begrepet «grunnkompetanse» gjør. Departementet mener det nåværende begrepet har negativ valør, og i GIVO-rapporten utgitt av arbeidsgruppen i august 2006, fremkommer det at begrepsendringen har som formål å gjøre denne type sluttkompetanse mer attraktiv. Tatt i betraktning at forslaget er et av mange tiltak for å redusere frafall i videregående skole, mener Fylkesmannen at begrepet «kompetanse på lavere nivå» gir elevene større motivasjon til å fortsette den videregående opplæringen frem til enten studiekompetanse eller yrkeskompetanse.

Videre er Fylkesmannen av den oppfatning at begrepet kan misforstås av arbeidsgivere. Man kan få et inntrykk av at «grunnkompetanse» er en type kompetanse alle oppnår etter at et gitt studieløp er fullført.»

Oslo kommune seier:

«Etter Oslo kommunes syn er begrepet «grunn-

kompetanse» lite informativt og vil kunne bidra til å tilsløre meningsinnholdet i lovbestemmelsen. Endringsforslaget kan oppfattes som at det legges opp til et lavere ambisjonsnivå på elevenes vegne enn i dag. Dette er ikke ønskelig. Oslo kommune mener at ambisjonene for elevene ikke skal senkes dersom de har forutsetninger for å fullføre ordinære opplæringsløp. Nasjonal statistikk over fullføring og frafall i videregående opplæring viser at Oslo har en betydelig høyere andel som fullfører og består, og en betydelig lavere andel som slutter underveis, enn fylker som i sterkere grad satser på alternative løp mot lavere kompetanse.

Oslo kommune er enig i at kompetanse på lavere nivå må tydeliggjøres som en type formell sluttkompetanse som er et reelt utgangspunkt for overgang til arbeidslivet etter videregående opplæring. Det må også være klart at slik kompetanse utgjør en del av opplæringsordningen for videregående opplæring. Oslo kommune kan imidlertid ikke se at det er nødvendig eller hensiktsmessig å endre betegnelsen «kompetanse på lavere nivå» av disse grunner. Dette begrepet er godt innarbeidet og vel kjent i skoleverket.

Oslo kommune fraråder den foreslåtte endringen i begrepsbruk.»

8.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår at lova blir endra i samsvar med høringsforslaget, slik at omgrepet *kompetanse på lågare nivå* blir erstatta med *grunnkompetanse*.

Departementet understrekar at den foreslåtte endringa ikkje inneber noka realitetsendring. Grunnkompetanse vil vere ei fellesnemning for kompetanse som ikkje utgjør full studie- eller yrkeskompetanse. Grunnkompetanseomgrepet vil derfor også omfatte opplæring innanfor full opplæringstid, men med planlagde, reduserte mål.

Departementet har merkt seg at enkelte av høringsinstansane meiner omgrepet *grunnkompetanse* kan misforståast, at det er lite informativt og kan tilsløre meiningsinnhaldet. Etter departementet si vurdering er *grunnkompetanse* eit betre uttrykk enn *kompetanse på lågare nivå* for å tydeleggjere at kompetansen kan vere både sluttkompetanse og grunnlag for vidare påbygging. Omgrepet *grunnkompetanse* er meir eigna til å signalisere at dette kan vere ein utveg for elevar som elles ikkje ville begynne på eller fullføre vidaregåande opplæring. Departementet meiner vidare at dagens nemning til dels har ein negativ valør som ein bør unngå.

Departementet fremjar derfor forslaget til endring i opplæringslova § 3-3 slik det er foreslått i høringsnotatet.

Elles viser departementet til lovforslaget og merknadene i kapittel 12.

9 Forslag om å innføre krav om politiattest ved musikk- og kulturskolar

9.1 Bakgrunnen for lovforslaget

Det skal krevjast politiattest ved tilsetjing av personar i grunnskole og vidaregåande opplæring. Førsegna vart teken inn i opplæringslova da det vart innført skolestart for seksåringane hausten 1997. Politiattest skal også krevjast ved tilsetjingar i skolefritidsordningar og i private skolar. Noka førsegn med krav om politiattest ved tilsetjingar i musikk- og kulturskolar finst ikkje, sjølv om musikk- og kulturskoletilbodet også er eit tenestetilbod som er regulert i opplæringslova (§ 13-6), og som kommunane er pliktige til å ha.

At det ikkje gjeld noko krav om politiattest i musikk- og kulturskoletilbodet på same måten som i grunnopplæringa og skolefritidsordninga, er frå fleire hald blitt påpeikt som urimeleg og ulogisk. For å vareta tryggleiken for denne elevgruppa blir det hevda at det må stillast tilsvarende krav om politiattest for personar som blir tilsette i musikk- og kulturskolane. Departementet ser på denne bakgrunn at det er behov for å vurdere om noko kan gjerast med denne mangelen i lovverket.

9.2 Gjeldande rett

Førsegnene i opplæringslova om politiattest er tekne inn i lova § 10-9, der første ledd gjeld grunnskolen. Her heiter det at den som skal tilsetjast i grunnskolen, må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn. Er ein dømd for eit slikt overgrep, kan ein ikkje bli tilsett i grunnskolen. Det inneber altså eit yrkesforbod.

I andre ledd heiter det at kommunen kan krevje politiattest også for andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen. Denne førsegna vart innført for å kunne krevje politiattest framlagd også av personar som m.a. arbeider i skolefritidsordninga. Det må antakast at førsegna også kan brukast for f.eks. vaktmeister- og reingjeringspersonell.

Tredje ledd seier at den som skal tilsetjast i vidaregåande skole, også må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt

eller dømd for seksuelle overgrep. For vidaregåande opplæring er det altså ikkje noko krav at det seksuelle overgrepet skal vere retta mot barn. Men for vidaregåande opplæring er det heller ikkje noko forbod mot å bli tilsett i skolen dersom ein er dømd for eit overgrep. Kva for konsekvensar ein slik dom skal få i desse tilfella, er noko tilsetjingsmyndigheita må vurdere i kvart enkelt tilfelle.

Dei omtalte reglane er gitt tilsvarende bruk ved tilsetjingar i skolefritidsordninga. Dette følgjer av opplæringslova § 13-7 sjette ledd.

For private skolar med rett til statstilskot følgjer kravet om politiattest av privatskolelova § 4-3. Denne førsegna er likelydande med opplæringslova § 10-9. Elles er det gitt utfyllande førsegner i forskrifta til opplæringslova og i forskrifta til privatskolelova, m.a. om kva for straffebod som omtaler seksuelle overgrep nemnde i lovførsegnene om politiattest.

Førsegnene om politiattest i opplæringslova er derimot ikkje gjorde gjeldande for tilsetjingar i musikk- og kulturskolar, jf. opplæringslova § 13-6. Departementet kan heller ikkje sjå at andre førsegner kan brukast som heimel for å krevje politiattest i desse tilfella. I § 12 nr. 5 i forskrifta til strafferegistreringslova heiter det at Politidirektoratet i «andre tilfelle» kan samtykkje til at det blir utferdast politiattest. Dette er ei unntaksførsegn som sjeldan blir brukt, og ein er avhengig av å innhente samtykke frå Politidirektoratet i kvart enkelt tilfelle. Førsegna er derfor ueigna som permanent heimel for krav om politiattest for tilsetjingar i desse skolane.

9.3 Høringa

9.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Det blir foreslått å ta inn i førsegnene om musikk- og kulturskolar i opplæringslova § 13-6 ei tilvising til førsegnene om politiattest i § 10-9.

Kap. 15 i forskrifta til opplæringslova må utvidast korresponderande med den utvidinga som her blir foreslått for opplæringslova.

9.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Av 66 høringsinstansar som har gitt fråsegn, har 19 ingen kommentarar.

29 høringsinstansar støttar forslaget utan nærmare grunngiving.

Desse er *fire fylkesmenn, ein fylkeskommune, 18 kommunar, Barneombodet, Likestillings- og diskrimineringsombodet, KS, Universitets- og høgskolerådet, Fagforbundet og Statens råd for likestilling av funksjonshemma*. Ei av fråsegnene er ei fellesfråsegn frå fleire kommunar, slik at det reelt sett er fleire enn 29 høringsinstansar som har gitt tilslutning utan nærmare grunngiving.

18 høringsinstansar støttar forslaget, men med klare atterhald og føresetnader for å gi støtte. Desse er *Forbrukar- og administrasjonsdepartementet (FAD), Datatilsynet, Utdanningsdirektoratet, LO, Utdanningsforbundet, Norsk kulturskoleråd, Musikkernes fellesorganisasjon, Norsk skolelederforbund, ni kommunar og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)*.

Dei fleste høringsinstansane gir ei kortfatta grunngiving, der dei seier at det verkar naturleg, logisk og rimeleg at same krav skal gjelde i dette skoleslaget som i skolen og skolefritidsordninga. Fleire av dei peiker på at behovet for vern her er like sterkt som i ordinær skole.

LO peiker på at overgrep ikkje først og fremst kan forebyggjast gjennom krav om framlegging av politiattest, men gjennom holdningsskapande arbeid og medvit omkring problemet.

Oslo kommune ønskjer at det skal innførast ein meir generell heimel for framlegging av politiattest. Etter kommunen sitt syn bør denne vere slik at han også kan brukast som heimel ved tilsetjingar for andre arrangement i regi av skolemyndigheita. Sommarskolen, som Oslo kommune arrangerer kvar sommar, er nemnd som eksempel på eit slikt arrangement.

Norsk kulturskoleråd ønskjer at kravet ikkje berre skal gjelde nyttilsette, men også dei som allereie er tilsette. Det blir peikt på at dette er ordninga for den frivillige organisasjonen Norges Musikkorps Forbund, som fekk eit slikt krav innført med vedtak frå 1. oktober 2009. Same høringsinstans peiker også på at det er ønske om ei ordning som i vidaregåande opplæring, dvs. at seksuelle overgrep i seg sjølv må vere nok, ikkje slik at dei må vere gjorde overfor barn. Grunngivinga er at målgruppa for kulturskolen m.o.t. alder er større enn for grunnskolen.

Utdanningsdirektoratet synest det er lite tilrådeleg at det berre er foreslått innført ei «kan»-føresegn for dei som regelmessig oppheld seg i mu-

sikk- og kulturskolen, dvs. at kommunen for desse «kan» krevje attest framlagd. Direktoratet meiner at det også for desse bør innførast ei «skal»-føresegn, dvs. at det blir innført plikt for kommunen til å krevje slik attest framlagd.

Både FAD og Datatilsynet har ein del prinsipielle vurderingar omkring problematikken med å krevje politiattest.

FAD uttaler:

«Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) har merknader vedrørende krav om politiattest i musikk- og kulturskoler, og viser i denne anledning til tidligere merknad i saken i brev av 12.10.09.

FAD har tidligere bemerket at et krav om politiattest utfordrer uskyldspresumpsjonen som i tillegg til domfellelse skal inneholde opplysninger om siktelse og tiltale. Vi registrerer at Kunnskapsdepartementet henviser til en vurdering i Justisdepartementet i forbindelse med ny politiregisterlov. Vi ønsker å påpeke betydningen av at det foretas en reell nytte- og konsekvensvurdering i denne forbindelse, slik at personvernet ikke blir tilsidesatt i større grad enn nødvendig.»

Datatilsynet uttaler:

«Datatilsynet ønsker å påpeke viktigheten av at det gjøres en konkret vurdering av de yrker /persongrupper som det ønskes oppstilt krav om politiattest for. I vurderingen må hensynene som taler for krav om politiattest veies opp mot personvernulempene forslaget medfører. Det er tidligere gjort konkrete vurderinger av behovet i forbindelse med ansettelse i grunnskole og videregående skole, skolefritidsordningen og her musikk- og kulturskolen.

Datatilsynet mener på prinsipielt grunnlag at det er sentralt at individet har en mulighet til reell resosialisering. Det vises til Justis- og politidepartementets høringsbrev av 12.02.2008 om politiattest for personer som skal ha oppgaver knyttet til mindreårige og Datatilsynets høringsuttalelse i den forbindelse.

Datatilsynet ser likevel at det kan være uheldig og ulogisk å ikke oppstille samme vern på dette område for elever ved musikk og kulturskoler, som ved ansettelse ved grunnskolen, videregående skole og skolefritidsordningen.

Det gjøres oppmerksom på at personopplysningsloven oppstiller krav til blant annet når i ansettelsesprosessen politiattest kan innhentes og sletting av disse. Det kan kun innhentes politiattest på den personen som er aktuell for ansettelse, ikke alle som har søkt stillingen.

Videre skal politiattest ikke oppbevares lenger enn til formålet med innhenting er oppfylt, jf. personopplysningsloven § 28. Arbeidsgi-

ver skal som hovedregel slette politiattesten når den er kontrollert. Det kan imidlertid registreres / noteres atandel er kontrollert og funnet tilfredsstillende i personalmappen eller på ansettelsesbeviset.

Som påpekt i høringsnotatet må reglane om bruk av politiattest vurderes i et bredere perspektiv når forslaget om ny politiregisterlov er behandlet av Stortinget.»

Ingen høringsinstansar går imot forslaget om innføring av politiattest for musikk- og kulturskolane.

9.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Etter departementet sitt syn må same krav om politiattest gjelde for barn ved musikk- og kulturskoletilboda, omtalte i opplæringslova § 13-6, som for elevar i skolen og i skolefritidsordninga.

Dei same omsyna og dei same vurderingane av personvernspørsmålet gjer seg gjeldande. Departementet har merkt seg dei vurderingane som *FAD* og *Datatilsynet* har gjort gjeldande i sine fråsegner, og er ikkje usamde i dei. Departementet meiner at omsynet til eleven må vege tyngre enn dei personvernmessige ulempene med forslaget. Dette har Stortinget tidlegare sagt seg samd i ved å vedta føresegner om politiattest for skole og skolefritidsordning. Etter departementet si vurdering bør det gjelde same krav om framlegging av politiattest for *alle* tilbod som er regulerte i opplæringslova. Ulikskapen som i dag eksisterer når det gjeld musikk- og kulturskolar, er påpeikt som uheldig frå fleire hald.

Når forslaget til ny politiregisterlov, fremja hausten 2009 av Justisdepartementet (JD), er behandla av Stortinget, vil departementet måtte vurdere reglane om politiattest i opplæringslova og privatskolelova i eit litt breiare perspektiv.

I *høringa* har somme høringsinstansar, mellom desse *FAD*, særleg peikt på personvernomsyn, kva høve individet har til resosialisering, og at ein må sjå på individet som uskyldig inntil dom ligg føre. Det sistnemnde er eit argument mot å la opplysningar om sikting og tiltale gå fram av ein politiattest. Alternativet er å la berre domfelling gå fram av politiattesten. Departementet er samd i at dette er viktige omsyn å vurdere når det blir foreslått innført krav om politiattest på nye område. Men i dette tilfellet dreier det seg om eit skoleslag som utan nokon rasjonell grunn i dag ikkje er omfatta av noko krav om politiattest. Frå fleire hald har det vore ytra ønske om tilsvarende krav om politiattest for mu-

sikk- og kulturskolar som for andre skolar – som grunnskole og skolefritidsordning. Departementet har derfor funne det naturleg å foreslå innført tilsvarende føresegner for dette skoleslaget, ikkje føresegner med heilt anna innhald, og har ikkje sett det som formålstenleg i denne omgang å gå motsatt veg, dvs. med forslag om å endre på krava til politiattest for grunnskole og skolefritidsordning, slik at desse berre skal innehalde opplysningar om domfelling. Departementet ser det som naturleg at alle reglane om politiattest på skoleområdet vil bli gjennomgådde, og at eventuelle forslag til endringar blir gjenstand for brei høring på bakgrunn av det arbeidet med ny politiregisterlov som JD for tida er i gang med. I ein slik samanheng vil det vere naturleg å vurdere breitt m.a. om opplysningar om sikting og tiltale framleis skal gå fram av ein politiattest, eller om attesten berre skal gjelde opplysningar om domfelling.

Ein høringsinstans har bedt om at kravet om framlegging av politiattest ikkje berre må gjelde nyttilsette, men alle som allereie er tilsette i musikk- og kulturskolane. Departementet ser grunngevinga for eit slikt ønske: Det vil ta mange år før alle i dette skoleslaget «er skifta ut» og altså har levert politiattest som nyttilsette. Men ei slik nyordning på området vil avvike sterkt frå den ordninga som gjeld for grunnskolen, den vidaregåande opplæringa og skolefritidsordninga. Det er nettopp ordninga her som er meint å vere mønster for den ordninga som ein ønskjer å innføre for musikk- og kulturskolane. Det er også den ordninga med politiattest som gjennomgåande er brukt i opplæringslova. At ei heilt anna ordning, som skal omfatte også allereie tilsette, er innført for musikkorps/frivillige organisasjonar og gjennom lovverk utanom opplæringslova, ser departementet på som mindre relevant i denne samanhengen. Dersom alle skulle levere politiattest, også allereie tilsette i musikk- og kulturskolar, ville det dessutan medføre eit betydeleg ekstraarbeid for politimyndigheitene i landet. Det ville også innebere ein del ekstra kostnader. Departementet peiker også på, slik *LO* gjer i høringsfråsegna, at seksuelle overgrep ikkje først og fremst kan løysast ved krav om framlegging av politiattest, men gjennom bevisstgjerding og holdningsskapande arbeid. Det må vere viktigast å sikre seg når det gjeld dei som blir tilsette i musikk- og kulturskolane og som ein ikkje kjenner frå før. Departementet kan på denne bakgrunn ikkje gi tilslutning til ei slik utvida ordning, og held fast ved at forslaget skal gjelde ved nyttilsetjingar.

Ein høringsinstans ønskjer at den ordninga som i dag gjeld for vidaregåande opplæring, skal gjelde for musikk- og kulturskolane. Det inneber i så fall

at attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep. Det er da altså ikkje noko krav om at det seksuelle overgrepet må vere gjort mot barn, slik ordninga er i grunnskolen og skolefritidsordninga. Rett nok viser føresegna om politiattest i skolefritidsordninga i dag til opplæringslova § 10-9 tredje ledd, som gjeld vidaregåande opplæring. Men denne tilvisinga er feil og blir derfor her foreslått endra. Musikk- og kulturskolar er som skolefritidsordninga eit reint fritidstilbod. Departementet meiner derfor at reglane om politiattest bør vere som for skolefritidsordninga og grunnskolen, dvs. føresetje eit seksuelt overgrep mot *barn*.

Ein annan høringsinstans meiner at det bør innførast plikt til å innhente politiattest også for dei som regelmessig oppheld seg i skolen, sjølv om dei ikkje er tilsette der, jf. m.a. opplæringslova § 10-9 andre ledd. Dette vil innebere utviding av krava om framlegging av politiattest. Ei slik utviding må i så fall også gjerast gjeldande for grunnskolen og skolefritidsordninga, f.eks. gjennom ei endring av opplæringslova § 10-9 andre ledd som dei andre føresegnene viser til. Ei slik utviding er verken vurdert eller tilsikta frå departementet si side. Høringsin-

stansane har følgjeleg heller ikkje uttalt seg om dette. Departementet vil m.a. på denne bakgrunn ikkje kunne gå inn for eit slikt forslag.

Ein høringsinstans ønskjer å få innført ei meir generell føresegn, slik at politiattest kan krevjast framlagd i fleire tilfelle, f.eks. også ved andre arrangement i skolens regi. Dette har frå høringsinstansen si side vore teke opp med departementet utan om høringa. Departementet vil vurdere dette ved eit seinare lovarbeid. Det har ikkje vore til høring og kan av den grunn ikkje utan vidare bli foreslått som ordning frå departementet si side no.

På bakgrunn av det ovannemnde og den breie tilslutninga som forslaget har fått i høringa, vil departementet halde oppe forslaget om å innføre i opplæringslova eit krav om framlegging av politiattest ved nyttilsetjingar i musikk- og kulturskolar. Det bør skje gjennom å tilføye eit nytt ledd i § 13-6 som regulerer desse skolane. Heimel for å krevje politiattest er tidlegare innført i lova på tilsvarande måte for skolefritidsordninga. Dette er gjort ved tilvising i § 13-7 om skolefritidsordninga til § 10-9 om politiattest.

Departementet viser elles til lovforslaget og merknadene i kapittel 12.

10 Forslag om endringar i opplæringslova § 13-7 (tekniske endringar)

I opplæringslova § 13-7 sjette ledd om skolefritidsordninga er det vist til same lov § 10-9 slik at reglane om politiattest i skolen skal gjelde tilsvarende for skolefritidsordninga.

Det blir her vist til første og tredje ledd i § 10-9, dvs. om politiattest for tilsette i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Men det blir same stad ikkje vist til andre ledd om politiattest for andre som regelmessig oppheld seg i skolen, heller ikkje til fjerde ledd, som har forskriftsheimel.

Departementet meiner at desse tilvisingane dels er feil, dels er mangelfulle, og har derfor i høringsforslaget foreslått å endre dei. Det er foreslått at tilvisinga blir gjort til første, andre og fjerde ledd. Det vil i så fall innebere at politiattest framleis kan krevjast framlagd av dei som skal tilsetjast i skolefritidsordninga, at attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn, og at personar som er dømde for slike overgrep, ikkje kan bli tilsette i skolefritidsordninga. På dette punktet blir det altså ikkje foreslått endringar i gjeldande rett.

Derimot blir det foreslått at kommunen kan krevje politiattest etter andre ledd også for andre

personar som regelmessig oppheld seg i skolefritidsordninga. Eit slikt forslag vil innebere ei lovendring. I tillegg blir det foreslått at departementet kan gi forskrifter om politiattest for skolefritidsordninga. Dette inneber også ei lovendring. Det er ikkje gitt at endringsforslaga vil innebere noka endring i høve til dagens praksis, men dei vil i alle fall innebere opprettingar av lovteksten i teknisk forstand. Departementet meiner at dette vil gi meir harmoni i føresegnene om politiattest i opplæringslova.

Sidan forslaget berre er ei teknisk justering i opplæringslova § 13-7, har det fått tilslutning i høringa frå dei som har kommentert dette. Ein høringsinstans har likevel ei prinsipiell innvending, jf. synspunkt ovanfor om politiattest for dei som regelmessig oppheld seg i musikk- og kulturskolar utan å vere tilsette der. Denne innvendinga blir det peikt på også når det gjeld skolefritidsordninga. Departementet sluttar seg ikkje til desse innvendingane og viser til det som er sagt om dette ovanfor.

På bakgrunn av det ovannemnde vil departementet halde fast ved forslaget slik det vart foreslått i høringa.

11 Økonomiske og administrative konsekvensar av høringsforslaget

11.1 Plikt til å tilby leksehjelp til elevar på 1.–4. årstrinn

For budsjettåret 2010 har Stortinget løyvt 177,6 mill. kroner til åtte timar gratis leksehjelptilbod fordelt på 1.–4. trinn, jf. Prp. 1 S (2009–2010). Av dette vil 173,7 mill. kroner bli lagt inn i rammetilskotet til kommunane, og 3,8 mill. kroner blir løyvt til private skolar med rett til statstilskot. I tillegg vil det bli teke omsyn til dei statlege grunnskolane og til overføringar til Svalbardbudsjettet.

For å sikre kvalitet i tilbodet er det i kostnadsberekningane lagt til grunn fagarbeidarlønn, og det er gitt eit påslag på 25 pst. til administrasjon, slik at det blir lagt inn ei kostnadsdekning for at pedagogisk personale kan hjelpe til i samband med organiseringa. Dette gir ein kostnad på om lag 53 mill. kroner per time per år og om lag 22 mill. kroner i halvårseffekt per time hausten 2010. Med åtte timars leksehjelptilbod er heilårseffekten berekna til om lag 424 mill. kroner.

Departementet legg til grunn at kommunane og fylkeskommunane finn praktiske løysingar på skyssbehov i samband med leksehjelpa. Departementet viser i den samanheng også til at timane med leksehjelp vil føre til reduserte utgifter til skolefritidsordninga, fordi elevane oppheld seg mindre tid der. Reduserte kommunale utgifter til skolefritidsordninga er ikkje trekte frå i finansieringsgrunnlaget for leksehjelpa. Kommunane kan derfor nytte desse midlane til andre formål, under dette skyss – føresett at dei ikkje vel å redusere foreldrebetalinga. Meirkostnader knytte til skyss må dekast innanfor dei gjeldande budsjetttrammene for kommunane og fylkeskommunane.

11.2 Bortvising

Den foreslåtte endringa av føresegnene om bortvising vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

11.3 Skyss for funksjonshemma til og frå skolefritidsordning

Det finansielle ansvaret for skoleskyssen følgjer av opplæringslova § 13-4. Av denne går det fram at det er fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle dei fleste skyssrettane i grunnskolen. Vidare må kommunen dekkje dei delane av utgiftene for fylkeskommunen som svarer til vanleg persontakst.

Når det gjeld auka kostnader med forslaget, kan det visast til kap. 4 ovanfor om fråsegnene frå høringsinstansane og departementet si vurdering. Departementet legg opp til at kommunane og fylkeskommunane vil bli kompensert for meirkostnadene. Føresegna vil bli sette i kraft seinast 1. januar 2011. Departementet vil komme tilbake til tidspunkt for iverksetjing og til finansiering av tiltaket i ordinært budsjettframlegg for Stortinget.

11.4 Plikt for private skolar til foreldresamarbeid, i privatskolelova

Lovendringsforslaget inneber ei presisering av plikta til foreldresamarbeid. Denne plikta er allereie lovfest i privatskolelova med tilhørande forskrift. Både formålsføresegna i privatskolelova, § 1-1, og enkelte andre føresegner, sjå ovanfor, fastslår dette. Forslaget understrekar altså berre ei eksisterande plikt til foreldresamarbeid. Det kan på denne bakgrunn ikkje antakast at lovendringsforslaget vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

11.5 Endringar i opplæringslova § 9-4 som gjeld lærebøker og andre læremiddel (språknorm)

Somme av lovendingane er av teknisk karakter og vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Utvidinga av andre ledd til også å gjelde digitale læremiddel vil heller ikkje ha økonomiske og administrative konsekvensar, sidan ein kan rekne med at lovendinga vil vere i samsvar med det

som er dagens praksis. Dei nye føresegnene som gjeld samisk slår i all hovudsak fast gjeldande praksis og vil heller ikkje ha økonomiske konsekvensar.

11.6 Utlysing av deltidsstillingar

Forslaget inneber verken økonomiske eller administrative konsekvensar av betydning. Forslaget kan medføre at kommunen/fylkeskommunen sparer noko tid og pengar i tilsetjingsprosessen.

11.7 Endring av nemninga kompetanse på lågare nivå til grunnkompetanse

Den foreslåtte endringa er berre av retts teknisk art, med det siktemål å gjere innhaldet i gjeldande rett tydelegare. Lovendringa vil derfor ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

11.8 Krav om politiattest ved tilsetjing i musikk- og kulturskolar

Forslaget inneber ei utviding i høve til i dag m.o.t. kven som vil vende seg til politiet og be om politiattest. Krav om framlegging av politiattest gjeld i dag berre for dei som blir tilsette i skolane, ikkje for dei som allereie er tilsette. Det same vil gjelde for musikk- og kulturskolane. I overkant av 2 500 årsverk

er knytte til musikk- og kulturskolane. Ca. 5 500 personar driv undervisning ved desse skolane. 88 % av dei har deltidsstilling. Departementet har ikkje samla tal på nyttilsetjingar per år.

Politietaten vil generelt ha noko arbeid og visse kostnader knytte til utferdinga av politiattestar. Sidan det vil bli kravd politiattest frå nokon fleire enn tidlegare, vil naturleg nok arbeid og kostnader auke noko. Det er likevel rekna med at auken vil vere avgrensa, og at endringa ikkje vil ha vesentlege økonomiske konsekvensar for politietaten eller andre.

11.9 Tekniske endringar i opplæringslova §§ 2-12 og 13-7 sjette ledd

Forslaga er av teknisk art og inneber ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

12 Merknader til lovforslaget

12.1 Endringar i opplæringslova

Til § 2-10 nytt tredje ledd

Forslaget til endringar i føresegnene inneber at rektor kan bestemme at lærarar skal ha mynde til å vise bort elevar. Føresetnadene for dette er for det første at bortvising er innteke i ordensreglementet i samsvar med første ledd, for det andre «med mindre kommunen ikkje har fastsett noko anna». Denne passusen i det nye tredje leddet viser til at kommunen ved fastsetjinga av ordensreglement kan bestemme om slikt høve til å delegere skal ligge føre eller ikkje. Den nærmare ramma for og innhaldet i høvet til å delegere, vil følgje av denne lovføresegna.

Høvet for lærarar til å vise bort etter delegert mynde gjeld for eiga undervisning og for ei opplæringsøkt, avgrensa oppover til to klokketimar. Rektor kan såleis ikkje vedta å gi lærarar mynde til å vise bort elevar frå si eiga undervisning for meir enn ei opplæringsøkt. Ei opplæringsøkt omfattar undervisning som blir gitt av den same læraren eller den same gruppa av lærarar over ein samanhengande tidsperiode. Ei slik opplæringsøkt kan ikkje omfatte undervisning i meir enn to klokketimar. Om det er lagt inn småpausar i opplæringsøkta eller ikkje, blir i denne samanheng ikkje avgjerande.

Lærarar kan berre delegerast mynde til å vise bort frå «eiga» undervisning. Dei kan såleis berre vise bort elevar frå den undervisninga dei har ansvaret for. Avgjerd om bortvising frå undervisning som andre lærarar har ansvaret for, kan ikkje gjerast av lærarar, men må eventuelt gjerast av rektor. Vidare kan ein lærer berre vise bort frå sjølve undervisninga. Dersom det er tale om bortvising der eleven blir send heim, må dette vedtakast av rektor sjølv, og myndet til slik bortvising kan ikkje delegerast.

Rektor står fritt til slik å delegere til ein, fleire eller alle lærarar ved skolen. Som elles ved delegering bør rektor gjere ei konkret vurdering av det formålstenlege og forsvarlege ved delegeringa.

Eit vedtak om bortvising av ein elev for opptil to klokketimar er ikkje å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 3.

Til § 2-12

§ 13-7a om leksehjelp er medteke i opprekninga i § 2-12. Det inneber at føresegna i opplæringslova om leksehjelp også gjeld for dei private grunnskolorne som er regulerte av § 2-12.

Til § 3-3 første ledd

Nemninga «kompetanse på lågare nivå» blir erstatta med «grunnkompetanse». Endringa inneber inga realitetsendring, men er ei tydeleggjering av at kompetansen kan vere både sluttkompetanse og grunnlag for vidare påbygging til studiekompetanse og yrkeskompetanse.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 8.

Til § 3-8 første ledd

Departementet viser til merknadene framanfor til tilsvarende endring i § 2-10.

Til § 7-3 nytt andre ledd

Første punktum inneber at barn med funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom som har behov for skyss, og som har tilbod om plass i skolefritidsordninga, har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga. Det er ikkje tilstrekkeleg at barnet har ei funksjonshemming, ein skade eller sjukdom. Det krevst at funksjonshemminga, skaden eller sjukdommen gjer det nødvendig med skyss. Rettane gjeld skyssbehov knytte til både psykisk og fysisk funksjonshemming, skade eller sjukdom. Kriteria for å få skyss etter andre ledd samsvarer med kriteria for å få skyss til og frå skole etter første ledd.

Andre punktum presiserer at barnet ikkje har rett til skyss til og frå eit eventuelt tilbod om skolefritidsordning i skoleferiane.

Tredje punktum presiserer at retten til skyss gjeld uavhengig av veglengda til og frå skolefritidsordninga.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 4.

Til § 7-4 nytt tredje punktum

Lovendringa inneber at barn som har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga etter lovforslaget § 7-3 andre ledd, også har rett til reisefølgje når barnet ikkje kan reise aleine, og til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før skolefritidstilbodet begynner og etter at skolefritidstilbodet er slutt.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 4.

Til § 9-4

Kva som er offisiell norsk rettskriving, går fram av Bokmålsordboka og Nynorskordboka (begge utarbeidde i samarbeid med Språkrådet), av andre ordbøker Språkrådet har gjennomgått og kontrollert, og av ordlister og ordbøker til skolebruk som er godkjende av Språkrådet etter fjerde ledd.

Læreboknormalen er ei noko snevrare norm med færre valfrie former. Dei former innanfor rettskrivinga som fell utanfor læreboknormalen, dei såkalla sideformene, står i ordbøkene oppførte i skarpe klammer og er derfor også kalla klammerformer. Klammerformene skal ikkje brukast når det skal skrivast etter læreboknormalen.

I samband med revisjonen av bokmålsrettskrivinga (gjeldande frå 1. juli 2005) vart systemet med sideformer oppheva i bokmål. Tidlegare sideformer vart dels tekne ut av rettskrivinga, dels oppgraderte til hovudformer. Etter dette finst det ikkje lenger nokon særskild læreboknormal i bokmål, og alle former innanfor den offisielle rettskrivinga kan brukast også i lærebøker. I nynorsk derimot består det gamle skiljet framleis, og her er det berre hovudformene innanfor rettskrivinga som kan brukast i lærebøker m.m.

Norsk rettskriving, under dette læreboknormalen, er forvalta av Språkrådet, men eventuelle endringar i rettskrivinga og læreboknormalen krev i dag godkjenning av Kulturdepartementet.

I forslaget til endringar i § 9-4 andre ledd er det no inkludert både lærebøker og «tilsvarande digitale læremiddel». Den siste gruppa skal gjelde digitale læremiddel produserte for bruk i opplæringa i skolen, som digitale lærebøker og læringsplattformer. Nyheitsartiklar og liknande som blir henta frå Internett til bruk i opplæringa, vil derimot ikkje vere inkluderte.

I andre ledd er det uttrykkeleg nemnt at også samiske lærebøker og tilsvarende digitale læremiddel som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar

med offisiell rettskriving. Arbeidet med samisk rettskriving går i utgangspunktet føre seg på fellesnordisk plan, i regi av Samisk språknemnd. Gjeldande rettskrivingsnormalar vart utarbeidde og vedtekne på 1970- og begynninga av 1980-talet. På norsk side vart den sørsamiske rettskrivingsnormalen som Samisk språknemnd hadde vedteke, godkjend av Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1978. Tilsvarende vart nordsamisk rettskriving godkjend i 1979 og lulesamisk i 1984. Den nordsamiske normalen vart sidan noko justert i 1985. Samisk språknemnd arbeider også med kontinuerlege tilpassingar av rettskrivinga. Med verknad for Noreg er det Sametinget som formelt fastset skrivemåten av samiske ord og uttrykk innanfor ramma av dei fastsette nordiske rettskrivingane.

Det er gjort eit uttrykkeleg unntak i siste ledd frå første og fjerde ledd for samiske læremiddel. Dette er gjort for ikkje å skape usikkerheit om bruksområda for føresegnene. Med *læremiddel* er her meint slike lærebøker og andre læremiddel, ordlister og ordbøker, som føresegnene i høvesvis første og fjerde ledd omhandlar.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 6.

Til § 10-4

Unntaket frå utlysingsplikta for undervisningsstilingar og rektorstillingar blir utvida til også å gjelde der arbeidsgivaren skal tilby stillinga til deltidstilsette som har fortrinnsrett etter arbeidsmiljølova § 14-3.

Departementet viser særskilt til arbeidsmiljølova § 14-3 pkt. 2 om at det er eit vilkår for fortrinnsrett at arbeidstakaren er kvalifisert for stillinga.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 7.

Til § 13-6 nytt andre ledd

Det er foreslått at kravet om politiattest skal gjelde for musikk- og kulturskolar på tilsvarende måte som for grunnskolen.

Kravet er innført ved å vise til dei generelle føresegnene i opplæringslova om politiattest, dvs. § 10-9 første, andre og fjerde ledd. Det er ikkje foreslått tilvising til opplæringslova § 10-9 tredje ledd, som gjeld vidaregåande opplæring.

Tilsvarende tilvisingsteknikk er brukt når det gjeld kravet om politiattest for skolefritidsordninga.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 9.

Til § 13-7 sjette ledd

I § 13-7 i opplæringslova, som gjeld skolefritidsordninga, er det i sjette ledd vist til opplæringslova § 10-9 første og tredje ledd. Dette er gjort for at føresegnene om politiattest skal kunne brukast tilsvarende som for skolefritidsordninga. Tilvisinga til tredje ledd er likevel misvisande, sidan tredje ledd gjeld vidaregåande opplæring. Tilvisinga må vere til første ledd (som allereie står der i dag) og til andre og fjerde ledd. Andre ledd gjeld krav om politiattest for andre som oppheld seg regelmessig i skolen. Tilsvarende må gjelde for skolefritidsordninga. Fjerde ledd gjeld heimelen for departementet for å gi forskrifter. Dei forskriftene som er gitt på området, gjeld også for skolefritidsordninga.

Departementet ser på dette som endringar av teknisk karakter, og viser også til vurderingane i kapittel 10.

Til § 13-7a

Første ledd i føresegna slår fast at kommunane har plikt til å ha eit tilbod om leksehjelp. Med leksehjelp er meint både hjelp til lekser i tradisjonell forstand og hjelp til skolearbeid elles. Leksehjelp skal tilbydast uavhengig av om skolen gir elevane lekser i tradisjonell forstand. Føresegna inneber inga endring i den fridommen skolen har til å bestemme om og kor mykje lekser som skal givast. Av første ledd går det vidare fram at leksehjelptilbodet skal gjelde for elevar på 1.–4. årstrinn. Leksehjelpa skal ikkje vere ein del av den obligatoriske grunnopplæringa.

Andre ledd regulerer sentrale element i forslaget. Det skal vere gratis å delta. Elevane skal ha rett til å delta, men det skal vere frivillig om elevane ønskjer å delta.

Tredje ledd fastslår at kravet om politiattest også skal gjelde for leksehjelparar. Reglane om politiattest for grunnskolen er gitt tilsvarende bruk, både for leksehjelparar som er tilsette i skolen, og for leksehjelparar som utan tilsetjingsforhold i skolen regelmessig oppheld seg der.

Fjerde ledd inneheld ein forskriftsheimel.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 2.

12.2 Endringar i privatskolelova

Til § 3-10 første ledd

Departementet viser til merknadene til tilsvarende endringar i opplæringslova § 2-10 og § 3-8.

Til § 7-1d

Lovforslaget i privatskolelova § 7-1d legg ei plikt på skoleeigaren. Som i den tilsvarende føresegna i opplæringslova foreslår departementet at føresegna her skal gjelde for både grunnskolar og vidaregåande opplæring.

I lovforslaget er det lagt éi føring for det nærmare innhaldet i foreldresamarbeidet, nemleg at det må takast omsyn til lokale tilhøve i organiseringa av det. Elles er det opp til dei involverte partane, skoleeigaren på den eine sida og foreldra på den andre, korleis dette samarbeidet nærmare skal organisrast. I grunnskolen kan eit slikt foreldresamarbeid m.a. skje gjennom foreldreråda, jf. privatskolelova § 5-4.

Når det gjeld vidaregåande opplæring, eksisterer ikkje foreldreråd som noko brukarorgan ved skolane. Lokalt må skoleeigaren organisere dette samarbeidet med foreldra.

Departementet er vidare gitt høve til å gi forskrifter på området.

Departementet viser elles til vurderingane i kapittel 5.

Til § 7-1e

Tilsvarende kommentarar gjeld som for § 13-7a i opplæringslova.

12.3 Iverksetjing

Merknad til romartal III om iverksetjing

Departementet tek sikte på at lovendringane i opplæringslova og privatskolelova blir sette i kraft 1. august 2010. Forslaget om rett til skyss for funksjonshemma til og frå skolefritidsordninga vil bli sette i kraft seinast 1. januar 2011.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i opplæringslova og privatskolelova (leksehjelp m.m.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (leksehjelp m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (leksehjelp m.m.)

I

I lov 17. juli 1998 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort desse endringane:

§ 2-10 nytt tredje ledd skal lyde:

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.

§ 2-12 tredje ledd skal lyde:

For private grunnskolar gjeld også §§ 2-2, 2-5 første, andre, tredje og sjette ledd, 2-9, 2-10, 2-11, 8-2, 9-1, 9-2, 9-3, 9-4, 9-5, 9-6, kapittel 9a, §§ 10-1, 10-6, 10-9, 11-1, 11-2, 11-3, 11-4, 11-7, 11-10, 13-3b, 13-7a, 13-10, 14-1, 15-3 og 15-4.

§ 3-3 første ledd skal lyde:

Den vidaregåande opplæringa skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller *grunnkompetanse*.

§ 3-8 første ledd skal lyde:

Fylkeskommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort i inntil fem dagar. Rektor sjølv vedtek å vise bort ein elev etter leddet her etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. *Med mindre fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.*

§ 7-3 nytt andre ledd skal lyde:

Elevar som har plass i skolefritidsordninga, jf. opplæringslova § 13-7, og som på grunn av funk-

sjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skoleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og skolefritidsordninga.

§ 7-4 første ledd skal lyde:

Elevane har rett til nødvendig reisefølgje. Elevane har rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisningstida tek til og etter at undervisningstida er slutt. *Retten til nødvendig reisefølgje og til nødvendig tilsyn gjeld også for barn som har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga etter § 7-3 andre ledd.*

§ 9-4 skal lyde:

§ 9-4 Lærebøker og andre læremiddel

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

Norske og samiske lærebøker og tilsvarande digitale læremiddel som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med *offisiell rettskriving*. *Nynorskutgåvene skal følgje læreboknormalen*. Med lærebøker er her meint alle trykte læremiddel som elevane regelmessig bruker for å nå vesentlege delar av kompetansemåla i eit fag.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.

Ordlister og ordbøker til skolebruk skal godkjennast av *Språkrådet*.

Departementet gir nærmare forskrifter om kva læremiddel som er omfatta av kravet i første leddet.

Reglane i første og fjerde ledd gjeld ikkje for samiske læremiddel.

§ 10-4 første ledd skal lyde:

Undervisningsstillingar og rektorstillingar skal lysast ut offentleg. Kravet om slik utlysing gjeld ikkje for stillingar som er ledige for eit kortare tidsrom enn seks månader, eller når arbeidsgivaren skal tilby stillinga til ein arbeidstakar eller tidlegare arbeidstakar i verksemda med heimel i arbeidsmiljøloven § 14-2 om førerett til ny tilsetjing, § 14-3 om førerett for tilsette som arbeider deltid eller § 15-7 om oppseiingsvern.

§ 13-6 andre ledd skal lyde:

Regelen i § 10-9 første, andre og fjerde ledd gjeld for tilsetjing i musikk- og kulturskolar.

§ 13-7 sjette ledd skal lyde:

Regelen i § 10-9 første, andre og fjerde ledd gjeld for tilsetjing i skolefritidsordninga.

Ny § 13-7a skal lyde:

§ 13-7a Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp

Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp for elevar på 1.- 4. årstrinn.

Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.

Regelen i § 10-9 første, andre og fjerde ledd gjeld tilsvarande for dei som skal gi leksehjelp.

Departementet gir nærmare forskrifter om leksehjelptilbodet.

II

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot blir det gjort desse endringane:

§ 3-10 første ledd skal lyde:

Skolen kan fastsetje i ordensreglementet at ele-

var som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga. På årstrinna 1-7 kan elevar visast bort for enkelttimar eller for resten av dagen, og på årstrinna 8-10 kan elevar visast bort i inntil tre dagar. Elevar i vidaregåande opplæring kan visast bort i inntil fem dagar. Den daglege leiaren av skolen vedtek sjølv bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. *Med mindre styret fastset noko anna, kan dagleg leiar bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.* Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Ny § 7-1d skal lyde:

§ 7-1d Plikt for skolen til å sørgje for foreldresamarbeid

Skolen skal sørgje for samarbeid med foreldra. Plikta gjeld grunnskolen og vidaregåande opplæring. Organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale tilhøve. Departementet gir nærmare forskrifter.

Ny § 7-1e skal lyde:

§ 7-1e Plikt for skolen til å ha tilbod om leksehjelp

Skolen skal ha eit tilbod om leksehjelp for elevar på 1.- 4. årstrinn.

Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.

Regelen i § 4-3 første, andre og fjerde ledd gjeld tilsvarande for dei som skal gi leksehjelp.

Departementet gir nærmare forskrifter om leksehjelptilbodet.

III

Lova trer i kraft på det tidspunkt Kongen bestemmer. Dei enkelte føresegnene kan setjast i verk på ulikt tidspunkt.



Trykk: A/S O. Fredt. Årnesen. Mars 2010